



Årsmelding 2012



Lom

Gjestfri og nyskapande

Innhaldet i årsmelding 2012:

| | |
|------------------------------------|----|
| Innleiing | 3 |
| Ordføraren sine kommentarar | 7 |
| Administrasjonssjefen si vurdering | 8 |
| Politisk organisering og saker | 9 |
| Personal og organisasjon | 10 |
| Økonomisk oversyn | 13 |
| Oversikt frå tenesteområda | 20 |
| Notar til rekneskapen | 57 |
| Revisjonsmelding | 78 |

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
Faks: 6121 7301
Epost: post@lom.kommune.no
<http://www.lom.kommune.no>



Årsmelding 2012 Lom kommune



Lom folkebibliotek er kåra til "Årets bibliotek 2012" av Norsk Bibliotekforening.
Les meir på side 5.

Samhandlingsreforma

2012 var oppstart for Samhandlingsreforma, og fyrste steget i ei retningsreform som tek sikte på å gje kommunane nytt ansvar for oppfylgning av brukarar og pasientar i langt større grad enn tidlegare.
Les meir på side 3 og 4.



I 2012 var Lom best av alle kommunane på kommunebarmeteret til Kommunal Rapport.
Les meir på side 5.

| | | | | |
|-----------|---------------------------------------|-----------|---|-----------|
| 1. | Innleiing | 3 | Notar til rekneskapen | 57 |
| 1.1 | Nokre fakta om Lom | 3 | Note 1 Prinsipp for rekneskapen | 57 |
| 1.2 | Om året 2012 | 3 | Note 2 Endring i arbeidskapital | 58 |
| 1.3 | Hendingar og utviklingstrekk | 4 | Note 3 Pensjon | 58 |
| 2. | Leiarane om året 2012 | 7 | Note 4 Kommunen sitt garantiansvar | 59 |
| 2.1 | Ordførar Bjarne Eiolf Holø | 7 | Note 5 Aksjar og andelar i varig eige | 60 |
| 2.2 | Administrasjonssjefen si vurdering | 8 | Note 6 Avsetning og bruk av fond | 60 |
| 3. | Politisk organisering og saker | 9 | Note 7 Kapitalkonto | 61 |
| 3.1 | Saker og utval | 9 | Note 8 Interkommunalt samarbeid | 62 |
| 3.2 | Kontrollutvalet | 9 | Note 9 Spesifikasjon av vesentlege postar | 62 |
| 3.3 | Budsjettutvalet | 9 | Note 10 Spesifikasjon av vesentlege transaksjonar | 62 |
| 3.4 | Saksutval for samhandlingsreforma | 9 | Note 11 Anleggsmidlar | 63 |
| 4. | Personal og organisasjon | 10 | Note 12 Finansiering av prosjekt | 63 |
| 4.1 | Administrativ organisering | 10 | Note 13 Lånegjeld | 65 |
| 4.2 | Tilsette | 10 | Note 14 Langsiktig gjeld | 66 |
| 4.3 | Likestilling | 10 | Note 15 Meir- eller mindreforbruk | 67 |
| 4.4 | Sjukefråvær | 10 | Note 16 Spesifikasjon av vesentlege forpliktingar | 67 |
| 4.5 | Seniorpolitisk plan | 11 | Note 17 Tilhøve ved slutten av året | 67 |
| 4.6 | Verneombod og tillitsvalde | 12 | Note 18 Konto for skattetrekk | 67 |
| 5. | Økonomisk oversyn | 12 | Note 19 Kyrkjeleg råd - økonomiske tilhøve | 67 |
| 5.1 | Økonomi | 12 | Note 20 Årsverk og løn og godtgjersle | 68 |
| 5.2 | Finansiell rapport | 13 | Note 21 Tap og tapsavsettingar på kommunale krav | 68 |
| 5.3 | Det totale målekartet | 13 | Note 22 Netto driftsresultat | 69 |
| 6. | Oversikt frå tenesteområda | 16 | Note 23 Finansiell leasing | 69 |
| 6.1 | Staben til administrasjonssjefen | 19 | Note 24 Avviksforklaring | 70 |
| 6.2 | Støttefunksjonen | 19 | Note 25 Sjølvkostområdet | 71 |
| 6.3 | Loar skule | 20 | Note 26 Disposisjonsfondet | 72 |
| 6.4 | Garmo oppvekstsenter | 20 | Note 27 Kraftfondet | 72 |
| 6.5 | Lom ungdomsskule | 23 | Note 30 Avskrivings skjema | 74 |
| 6.6 | Loar barnehage | 27 | Note 28 Heimfallsfondet | 74 |
| 6.7 | Miljø, teknisk, næring | 30 | Note 29 Kapitalfondet | 74 |
| 6.8 | Helse og velferd | 33 | Note 31 Mindre forbruk i investeringsrekneskapen | 77 |
| 6.9 | Institusjonsbasert omsorg | 36 | Note 32 Sal av Odda skule | 77 |
| 6.10 | Heimebasert omsorg | 39 | | |
| | | 44 | Revisjonsmelding | 78 |
| | | 50 | | |
| | | 53 | | |

1. Innleiing

1.1 Nokre fakta om Lom

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom. Kommunesenteret Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkt.

Fossbergom står fram som ein tettstad med særpreg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretalet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Mange tusen turistar er innom i løpet av året, og samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.

Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Gardsturisme er eit nytt satsingsområde – nokre driv overnattingsverksemd – andre satsar på ny bruk av setrene.

Lom har eit areal på 1 969 km² - og til 2 373 innbyggjarar (31.12.2012) er det god plass! Meir enn 90% av arealet er høgfell over 900 m.o.h., 1% er dyrka jord og 4% er produktiv skog.


1.2 Om året 2012

1.2.1 Utdrag frå administrasjonssjefen si vurdering av året 2012


Når det gjeld driftsåret 2012 så er det prega av utfordringar dei fleste kommunane arbeider med. Auka oppgåvetilfang innan innsnevra økonomiske rammer og forventning om kontinuerleg effektivisering pregar kvardagen vår. Dette må vi og vera budde på i åra som kjem. For første gong på fleire år har kommunen gjennomført prosessar med reduksjon i talet på tilsette som følge av reduserte inntekter og redusert etterspurnad m.a. gjennom nedgang i folketal. Dette gjeld t.d. avvikling av vaktentralen. Slike prosessar er utfordrande, og kanskje særleg når ein ikkje har særleg erfaring.

1.2.2 Utvikling av driftsresultat frå 2008 til 2012 (tal i tusen kroner)


| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|--------------------------------------|--------------|--------------|--------------|---------------|---------------|
| Sum driftsinntekter | 161 836 | 177 075 | 187 781 | 212 487 | 221 528 |
| Sum driftsutgifter | 168 850 | 181 225 | 193 733 | 208 679 | 219 297 |
| Brutto driftsresultat | -7 015 | -4 150 | -5 952 | 3 808 | 2 230 |
| Reultat eksterne finanstransaksjonar | 4 098 | 3 210 | 4 143 | 3 896 | 1 730 |
| Motpost avskrivningar | 8 012 | 8 299 | 8 476 | 8 971 | 9 573 |
| Netto driftsresultat | 5 095 | 7 359 | 6 667 | 16 675 | 13 534 |



Fordeling av arealet i Lom



Folketalet ved utgangen av året frå 2008 til 2012



Utvikling i eigenkapitalprosent siste fem år.

1.3 Hendingar og utviklingstrekk

1.3.1 Samhandlingsreforma

2012 var oppstart for Samhandlingsreforma, og fyrste steget i ei retningsreform som tek sikte på å gje kommunane eit nytt ansvar for oppfylging av brukarar og pasientar i langt større grad enn tidlegare.

Grep for å møte reforma

- Kommunestyrevedtak om å opprette eige saksutval som fylgjer implementeringa etter eige mandat. Hovudprioritet i 2012 var løysingsforslag til helsesenteret, politisk sak i november 2012.
- Eige budsjettansvar for dei økonomiske sidene ved reforma; ansvar 99, herunder medfinansiering og utskrivingsklare pasientar, samt helsesamarbeid i NG.
- Vedtak om samarbeidsavtalar med helseføretaket HSØ v/ Sjukehuset Innlandet.

Kompensasjon for meirutgifter

Over statsbudsjettet vart det overført til Lom 3 174 000 som kompensasjon for meirutgifter knytt til innføringa av Samhandlingsreforma. Årsrekneskapen for 2012 syner at overførte midlar for kompensering av Samhandlingsreforma over statsbudsjettet gjekk til dekking av fylgjande:

Medfinansiering spesialisthelsetenester

| | |
|----------------|-----------|
| Budsjett 2012: | 2 500 000 |
| Forbruk 2012: | 2 738 275 |
| Avvik a) 2012: | - 238 275 |

Avvik a) er meirforbruket for Lom kommune sin del i høve eige budsjett for medfinansiering av spesialisthelsetenester i 2012.

Førebels avrekning frå Helsedirektoratet:

| | |
|------------------------|-----------|
| Forventa kostnad 2012: | 2 223 869 |
| Utrekna kostnad 2012: | 2 657 275 |
| Avvik b) 2012: | -433 406 |

Avvik b) er eit bilete på i kva grad Helsedirektoratet har undervurdert grunnlaget som kompensasjonen til Lom kommune er tufta på. Kompensasjonen er rekna frå historisk bruk av spesialisthelsetenester i 2010/2011.

| | |
|----------------------------|-----------|
| Sum innbetalt akonto 2012: | 2 576 276 |
| Utrekna kostnad 2012: | 2 657 275 |
| Avvik c) 2012: | -80 999 |

Avvik c) er mellomlegget Lom kommune lyt dekkje i høve akontoinnbetaling. Det lyt takast atterhald om at endeleg avrekning av medfinansieringa frå Helsedirektoratet fyrst ligg føre medio mars 2013.

Ein ser at forventa kostnad knytt til medfinansiering avvik med stor margin frå den førebels endelege avrekninga. Lom kommune budsjetterte for medfinansiering godt over

forventa kostnad, men gjennom året vart det tydeleg at sjølv ikkje dette ville halde. Reforma lyt hevdast å vera marginalt kompensert over statsbudsjettet for 2012. I dette ligg mellom anna at grunnlaget som kompensasjon var rekna ut frå, ikkje tok høgde for den aktivitetsauka i spesialisthelsetenesta som har funne stad etter reforma sin oppstart.

Utskrivingsklare pasientar

| | |
|---|---------|
| Budsjett 2012 | 674 000 |
| Kjøp av tenester frå Sel kommune: | 67 000 |
| Medfinansiering av intermediær avdeling | 388 000 |
| Forbruk 2012 | 455 000 |
| Avvik 2012 | 219 000 |

Lom kommune tok imot alle sine varsla, utskrivingsklare pasientar frå dag ein, og hadde såleis ingen utgifter knytt til dette. Totalt fekk Lom kommune varsel om og tok imot 67 utskrivingsklare pasientar i 2012, som fekk dekt sine behov for pleie- og omsorg og oppfylging høvesvis på Lom helseheim eller frå heimebaserte tenester. BEON-prinsippet har gjennomgåande vorte lagt til grunn i vurderinga av tildeling av tenester etter utskrivning. Når det er sagt er Lom kommune forplikta inn i helsesamarbeidet i NGLMS, og har difor eit medfinansieringsansvar for den intermediære sengeavdelinga.

Utfordring

Samhandlingsreforma har utfordra helse- og omsorgstenestene på fleire frontar. Fagleg, ressurs- og organisatorisk. Ansvar for pasientar på eit tidlegare stadium av pasientforløpet krev meir kompetanse, faglegheit og ressursar av deltenester enn tidlegare. Kritiske punkt har her vore tilgjenge til fysio- og ergoterapitenester, samt at ein registrerar at arbeidsmengda på tilsynslege ved sjukeheimen, sjukepleiarar og sakshandsamarar har auka gjennom året, som ei direkte fylgje av auka tilstrøyming av pasientar- og brukarar, større grad av oppfylging, meir krevjande oppfylgingsansvar og vurderingsbehov.

Lokalmedisinsk senter

Det regionale helsesamarbeidet i Nord-dalen er lokalisert på NGLMS på Otta. 2012 var fyrste driftsår etter at prosjektfasa vart avslutta

i 2011. Forpliktinga inn i samarbeidet har gjeve utfordringar i budsjettprosessen 2013, grunna både endra krav til beredskap og samarbeid om dette, men og i høve dimensjonering av tilbodet etablert på NGLMS. Ser ein på beleggsprosenten gjennom året på Lom helseheim samstundes som ein ser Lom kommune sin bruk av intermediær sengeavdeling, går det tydeleg fram at den kapasiteten som er etablert på nemnde avdeling ikkje speglar det faktiske behovet for Lom kommune sin del pr. dags dato. I tillegg lyt det peikast på at beleggsprosenten på intermediær sengeavdeling i NGLMS var på under 50% totalt i 2012, noko som indikerar at det er fleire enn Lom kommune som er i denne situasjonen. Som part i kommunesamarbeidet er vi likevel forplikta til å medfinansiere dei regionale tenestene, noko som inneber at ein har utgifter til tenester ein ikkje har nytta.

Årsaker til lav beleggsprosent

Årsakar til at beleggsprosenten på Lom helseheim og intermediær sengeavdeling vart som den vart i 2012:

- Intensjonane i Samhandlingsreforma legg føringar for at pasient- og brukar skal få dekt sine behov for naudsynt helsehjelp så nært heimen som mogleg, og på beste effektive omsorgsnivå (BEON).
- Pasientar som er heimehøyrande i Lom kommune vert varsla til kommuna for vidare vurdering av beste effektive omsorgsnivå etter utskrivning frå sjukehuset. BEON-prinsippet har vore underliggende vurderingsfaktor i sakshandsaming og tildeling av tenester gjennom 2012; primært av heimebaserte tenester og sekundært i form av institusjonsbaserte tenester.
- I høve der det kommunale tenesteapparatet

ikkje har evna å yte tilstrekkeleg hjelp har NGLMS og intermediær sengeavdeling vore nytta.

Helsehjelp til rett tid og på rett stad

Intensjonen om at naudsynt helsehjelp skal ytast til rett tid på rett stad fordrar at dei kommunale tenestene endrar sin praksis i høve heimebaserte- kontra institusjonsbaserte tenester. I samhandlingsreforma ligg ikkje berre ei føring for endra bruk av spesialisthelsetenestene, men og av dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Heimebaserte tenester er dei mest kostnadseffektive tenestene, og skal i større grad enn tidlegare utnyttast før eit høgare omsorgsnivå vert tildelt. Fylgjeleg kan det hevdast at terskelen for å få naudsynte, heimebaserte tenester er senka, medan terskelen for å tildele tenester på eit høgare omsorgsnivå i større grad skal hevast.

BEON-prinsippet kjem ikkje i konflikt med minstestandarden som ligg i forsvarlegheitsprinsippet for tenesteyting. Pasient- og brukar har framleis krav på naudsynt helsehjelp. Gjennom 2012 syner beleggsstatistikk henta frå fagsystemet Profil, som vert nytta av Pleie- og omsorg, at tenesta har gjeve langt fleire korttidsopphald enn tidlegare år. Tildeling av avlastning til pårørande med særskilt omfattande omsorgsarbeid for nærståande brukarar/pasientar har vore stabilt jamført med tidlegare år. Tildeling av langtidsopphald har hatt ein reduksjon i 2012. Dette er i tråd med intensjonane i Samhandlingsreforma og eit steg i riktig retning. Enkelt sagt vil ein evne å hjelpe fleire, innanfor same ramma av kapasitet, ved høgare grad av korttidsopphald og større bruk av heimebaserte tenester.

1.3.2 Utbygginga av fleirbrukshuset Utgard

I løpet av 2013 blir arbeidet fullført, og vi har eit nytt og flott fleirbruksanlegg vi alle kan ta i bruk. Det skal romme eit vidt spekter av aktivitetar, frå skule til idrett, frå kultur til næring.

Det var før jul i fjor arbeidet med Utgard starta. Lom samfunnshus får ei sårt tiltrengt opprusting og to tilbygg venta under arbeidstittelen Lom fleirbrukshus. Etter ei namne-konkurransé vart det endelege namnet på komplekset Utgard. Arbeidet starta med å fornye samfunnshuset og å bygge på skuledelen mot sør.

Arbeidsplassar

Lom og Skjåk Bygg er hovudentreprenør og Svein Melseth i Nordplan er prosjektleiar. 30-40 ottadolar har arbeid i Utgard i anleggsperioda, noko som gjer at den store kostnaden med prosjektet i stor grad kjem lokalmiljøet til gode på meir enn ein måte.

Kulturhus

Arbeidet med det som no blir kulturhus er langt kome. Det same er lokala for vidaregåande skule, allmennfag og administrasjon. Kultursalen får no amfi for publikum og sceneområdet er på golvnivået. Ny bakscene og lasterampe bak scena gjer det enklare å frakte utstyr inn og ut.

Lyd og ljøs blir fornya og det heile skal stå fram som ein tenleg kultursal for teater, konsertar, kino o.a. Treng ein golvplassen til dans, selskap, idrett eller anna, kan tribuna skuvast i hop.

Skuledelen


Klasseromma blir i fyrste høgda, medan andre høgda i hovudsak er administrasjonsavdeling. Skuledelen skal stå ferdig i sommar, slik at den vidaregåande skulen kan ta i bruk sine lokale frå skulestart i august.

Offisiell opning for jul

Heile Utgard skal vera ferdig i oktober. Den offisielle opninga av anlegget er lagt til helga rundt 1. sundag i advent, altså i månadskiftet november/desember 2013. Då ynskjer vi alle hjarteleg velkomne til stor opningsfest og ei rekkje opningsarrangement mot slutten av året.

Perspektiv frå sørvest. Frå fremst i bildet og bakover:

- tilbygg VGS,
- eksisterande samfunnsbus med kulturscene og symjebasseng,
- vestibyle med tilkomstareal og garderobar, og
- bakarst i bildet, hallen.



1.3.3 Årets bibliotek 2012

Lom folkebibliotek er kåra til "Årets bibliotek 2012" av Norsk Bibliotekforening



Her er grunngevinga frå juryen:

"Lom folkebiblioteks mål er å være biblioteket for alle "frå vogge til grav". Biblioteket har lenge ligget på utlånstoppen i Oppland. Bibliotekets digitale formidlingstjenester kommer lokale brukere til gode, og har positive ringvirkninger langt ut over Lom."

Frå utdelinga av beiderprisen "Årets bibliotek 2012" til Lom folkebibliotek

1.3.4 Lom - beste kommune i heile landet

I 2011 var vi på fjerdeplass på lista, i 2012 var vi best av alle dei 430 kommunane på kommunebarometeret til Kommunal Rapport.

- Dette stadfestar at Lom kommune er ein utviklingsorientert kommune som har gode føresetnadar til å utvikle seg vidare som attraktiv arbeidsgjevar og tilflyttingskommune, seier ordførar Bjarne Eiolf Holø i ein kommentar til plasseringa på toppen av lista.

Også administrasjonssjef Ola Helstad er svært glad for resultatet.

- Ei viktig årsak til dette er målretta arbeid over tid, kor brukar- og medarbeidarundersøkingar har vore ein viktig del.


Systematisk arbeid med styringsinformasjon

Gjennom systematisk arbeid med brukar- og medarbeidarundersøkingar har vi kartlagt område kor vi må bli betre.

- Både innan vatn og avlaup og sakshandsamingstid i barnevernet har vi identifisert utfordringar vi må ta tak i, seier Helstad.

God utvikling innan skule og pleie og omsorg

Lom kommune har dei siste to åra fått til kraftig forbetring både innan skulesektoren og innan pleie og omsorg. Kommunen gjer det godt på nesten alle område, og til saman gjev det oss topplasseringa i år.



Kvart år legg Kommunal rapport fram kommunebarometeret, er ei samanlikning av alle kommunane i Noreg, basert på over hundre ulike nøkkeltal.

Kommunebarometeret

er ei samanlikning av kommunane, basert på til saman 108 nøkkeltal. Målet er å gje styresmakter – særleg folkevalde i kommunestyret – ei lettfattelig og tilgjengeleg oversikt over drifta i kommunen. Tala er henta frå Statistisk sentralbyrå sin Kostra-database, Utdanningsdirektoratet, Folkehelseinstituttet sin kommunedatabase og Kommuneproposisjonen 2012.

2. Leiarane om året 2012

2.1 Ordførar Bjarne Eiolf Holø

Når eg nå sit og skal sjå attende på 2012 for å skriva ned mine kommentarar til årsmeldinga slår det meg at eit år går så altfor fort. Når ein står i inngangen til året tenkjer ein ofte at ein har eit hav av tid til rådigheit, og ein set seg ofte mål for alt ein skal klare å gjennomføre i det nye året. Det er svært nyttig å sjå seg attende, men samstundes er det tida framfor ein som det er mogleg å gjera noko med.



Samhandlingsreforma

2012 er året som vil skriva seg inn i historiebøkene som det året da samhandlingsreforma vart implementert og kommunane overtok eit stort ansvar for det totale helsetilbodet. Kommunestyret valde sist på året i 2011 å setja ned eit tverrpolitisk saksutval som fekk eit særskilt ansvar for å sjå på implementeringa av samhandlingsreforma, samt løysningar for helsesenter og omsorgsbustader. I Lom har vi på mange måtar så langt takla denne reforma svært godt, sjølv om det er økonomisk krevjande når det viser seg at det ikkje er samsvar mellom kostnader og overføring frå staten. Nord-Gudbrandsdalen var tidleg ute med å satse på lokalmedisinsk senter. Dette gjev oss klare fortrinn til å ta imot nye oppgåver i samband med samhandlingsreforma. Samstundes krev det sine økonomiske ressursar, og ein må stå lojalt saman om dette i regionen. Det vil alltid vera slik at det kan variere frå det eine året til det andre kor stort behovet er i kvar kommune. I 2012 hadde blant anna Lom lite behov for å nytte seg av intermediære sengeplassar. Saksutvalet sitt arbeid fortset i 2013, og dei har teke fatt i eit omfattande mandat. I løpet av 2013 vil kommunestyret måtte ta store viktige avgjersler, blant anna korleis ein skal løyse ombygginga av helsesenteret.

Utgard

Bygginga av fleirbrukshuset går framover. Som i alle byggeprosjekt der ein både skal byggje om, renovere og byggje på støyter ein på uføresette ting. Dette har så langt ført til at reservepotten som var innlagt stort sett er brukt. Det ser likevel ut til at vi skal klare å gjennomføre prosjektet utan dei altfor store økonomiske overskridingane. Skuledelen av bygget vil verta ferdigstilt slik at denne kan takast i bruk ved skulestart i august 2013. Kulturhuset og idrettshallen er venta ferdig i oktober 2013. Det vil i samband med opninga verta ei rekkje arrangement som skal få fram det mangfaldet som huset kan nyttast til. Eg er svært nøyd med at vi fekk på plass leigeavtalen med fylkeskommunen og at bygginga kom i gang på det tidspunktet den gjorde. Eg er viss på at hadde ikkje denne denne avtalen kome på plass ville det brent eit blått ljøs for den vidaregåande skulen i Lom, jamfør skuledebatten på fylkestinget sist haust.

Kommunebarometeret

I juni 2012 vart det klart at Lom plasserte seg på fyrsteplassen i Kommunal Rapport si kåring kommunebarometeret. Dette er på mange måtar eit «NM i kommune», der kommunane vert målte på ulike indikatorar som seier mykje både om drifta og tilbodet til innbyggjarane.

Det er mange ein skal takke for at Lom når slike resultat: Alle våre dyktige medarbeidarar på alle tenesteområda, den administrative leiinga, politikarar frå alle parti som bidreg konstruktivt i viktige prosesser og som nyttar måleindikatorane og KOSTRA-tala aktivt i budsjettarbeid og prioriteringar, og samarbeidspartar elles både innanfor eige fylke og på landsbasis.

Utfordringar i tida som kjem

Lom kommune står, som mange andre distriktkommunar, framfor store utfordringar når det gjeld folketalsutviklinga. Vi må her jobbe aktivt og målretta for å få ta del i den folketalsveksten som er rundt dei større byane. For Lom sin del er det svært viktig å oppretthalde og utvikle eksisterande næringsliv, samt leggje til rette for nyetablering. Landbruket er sjølve berejvelken som saman med turisme gjev grunnlag for det meste av andre næringar. Vi må her saman med regionale samarbeidspartar vera tydelege i forhold til sentrale styresmakter om kva for krav vi stiller for å få til ei positiv utvikling av næringslivet i innlandet. Det er òg viktig at vi har tilgjengeleg attraktive bustadtomter. Her har vi store problem med dei innstramingane som ligg i plan- og bygningslova med forskrifter når det gjeld bygging i område som kan vera utsette for skred, flaum eller andre naturpåkjenningar. Lom kommune har vore, og er av dei mest aktive for å påverke styresmaktene til å lempe på sikkerheitskrava og godkjenne lokal kunnskap på lik linje med geologar for å kartlegge faresoner. Der det likevel er naudsynt med sikringstiltak må staten bidra i større grad med finansiering.

Takk for samarbeidet i 2012

Takk til alle som saman bidreg til at Lom kommune klarer å produsere gode og trygge tenester og til alle innbyggjarane, som aktivt er med og skapar ei attraktiv og omsorgsfull bygd.



Administrasjonssjef
Ola Helstad

2.2 Administrasjonssjefen si vurdering

Kommunebarometeret

Lom kommune vann Kommunebarometeret for 2012. Det er all grunn til å vera stolt av dette. Med 108 indikatorar som grunnlag for denne kåringa, dokumenterer dette at Lom kommune er ei veldriven kommune. Denne posisjonen er eit resultat av godt arbeid over mange år frå fleire. For mitt vedkomande vil eg understreka betydninga av vårt etter kvart godt utvikla styringssystem og evne til å evaluere og utfordre oss sjølve. Det er på nytt dokumentert at medarbeidarane trivst og er stolte av å arbeide i kommunen. Vidare viser brukarundersøkingane at tenestemottakarane er svært tilfredse med tenestene våre. Evne til å arbeide systematisk og heilskapleg over tid er etter min oppfatning avgjerande for å få god resultatutvikling.

Biblioteket

I tillegg til Kommunebarometeret vart vårt gode bibliotek kåra til årets bibliotek av Norsk Bibliotekforening. Dette er ein stor prestasjon og eit resultat som ikkje kjem av seg sjølv. Takken for dette skal i all hovudsak gå til dei ansvarlege og tilsette ved biblioteket. Dei er døme på medarbeidarar som har blomstra ved å gripe moglegheitene, vera innovative og nyskapande under visjonen og adferdskrava til kommunen.

Omdøme

Desse kåringane er med og byggjer eit godt omdøme som er eit av satsingsområda til kommunen, noko vi har lykkast godt med. Vi opplever jamnleg at andre kommunar og offentlege aktørar besøkjer oss for å lære om omdømmearbeid. I tillegg blir vi utfordra til å presentere korleis vi har arbeidd innan dette området.

Utfordringar

Når det gjeld driftsåret 2012 så er det prega av utfordringar dei fleste kommunane arbeider med. Auka oppgåvetilfang innan innsnevra økonomiske rammer og forventning om kontinuerleg effektivisering pregar kvardagen vår. Dette må vi og vera budde på i åra som kjem. For første gong på fleire år har kommunen gjennomført prosessar med reduksjon i talet på tilsette som følgje av reduserte inntekter og redusert etterspurnad m.a. gjennom nedgang i folketal. Dette gjeld t.d. avvikling av vaktentralen. Slike prosessar er utfordrande, og kanskje særleg når ein ikkje har særleg erfaring.

Samhandlingsreformen

Det har elles vore fokus på samhandlingsreformen. Som følgje av at kommunen har gjort tiltak for å møte denne store reformen har vi klart å handtere denne på ein god måte. Dette er nærare omtala i årsmeldinga. Eg vil likevel peike på at vi og dei andre kommunane i regionen aktivt må vurdere pasientforløp, kapasitet i eigen kommune, kapasitet totalt i regionen og korleis vi både samarbeider i regionen, og overfor sjukehus og spesialisthelsetenesta. I vår region, og kanskje særleg i Ottadalen, har vi svært høg dekning av sjukeheimplassar, høg dekningsgrad og høg tildeling av tenester totalt sett innan pleie og omsorgstenester. Ei aktiv vurdering av denne tildelinga og kapasitet både innan eigen kommune og totalt i regionen må få særleg fokus i 2013 og komande år.

Tilpassing av driftsnivå

Som tidlegare nemnt, må kommunen ha aktiv tilpassing av driftsnivået. Auka lånegjeld som følgje av store investeringar, auka pensjonsutgifter og sårbarheit i høve svingande kraftinntekter er totalt sett ei synleggjering av dette.

Erstatningsansvar

Vi registrerer elles at kommunen på fleire og fleire område blir utfordra i høve vårt erstatningsansvar i rolla vår som forvaltningsorgan. Det er ikkje uvanleg at slike saker har sin bakgrunn frå vedtak og forvaltning som går mange år attende i tid. Det er å forvente at dette vil auke i åra som kjem m.a. som følgje av auka fokus på dette og kanskje særleg innan dei rettane innbyggjarar og andre har. Det er ikkje tvil om at endringar i lover og forskrifter har dreia seg i den retninga. Dette er sjølv sagt ei ynskd og positiv utvikling. Men det set krav om ryddigheit og orden i den kommunale forvaltninga. I dette perspektivet er det ei utfordrande folkevald- og leiaroppgåve å til kvar tid finne eit rett nivå på administrasjon og system.

Dei tilsette har på nytt vist seg som offensive, løysingsorienterte og inkluderande. Dette er grunngeve med resultatata frå Kommunebarometeret, brukarundersøkinga og medarbeidarundersøkinga. Desse resultatata har ikkje vore mogleg utan alle våre gode medarbeidarar. Det er likevel registrert at sjukefråveret har gått opp i 2012. Dette er eit område som må viast noko nærare merksemd.

3. Politisk organisering og saker

3.1 Saker og utval

| Utval | 2011 | | 2012 | |
|------------------------|------|-------|------|-------|
| | Møte | Saker | Møte | Saker |
| Kommunestyret | 7 | 58 | 7 | 69 |
| Formannskapet | 20 | 113 | 23 | 157 |
| Administrasjonsutvalet | 3 | 4 | 4 | 3 |
| Tilsettingsutvalet | 8 | 45 | 12 | 40 |

3.2 Kontrollutvalet

Desse var med i kontrollutvalet i 2012:

| Medlemmar | Varamedlemmar |
|-----------------------------|---------------|
| Harald Onsum Berg (leiar) | Wenche Smetop |
| Synnøve Aukrust (nestleiar) | Bård Hanem |
| Torunn Kjøk | Håkon Dalen |

3.3 Budsjettutvalet

Budsjettutvalet 2012 fram til 9. oktober:

| Medlemmar | Gruppe | Varamedlemmar | Gruppe |
|---------------------------|--------|------------------|--------|
| Odd Arne Kroken (leiar) | Sp | Beate Stø | Sp |
| Enid Øyjordet Christensen | Sp | Jarmund Øyen | Ap |
| Kristian Frisvold | Bl | Eilev Hellekveen | Ll |
| Magny Hilde | Ll | Bente Flaten | Bl |
| Anne-Lise Marstein | Ap | | |

Etter 9. oktober fungerte formannskapet som budsjettutval.

3.4 Saksutval for samhandlingsreforma

Saksutval for Samhandlingsreforma vart vedteke oppretta og tro i kraft frå nyttår 2012.

Medlemmar er:

- Anne-Lise Marstein (AP),
- Jarmund Øyen (AP),
- Eilev Hellekveen (LL),
- Beate Stø (SP) og
- Laila Laingen (AP).

Leiar for utvalet er Anne-Lise Marstein.


Kommunestyret
17 representantar

Kontrollutvalet

Formannskapet
5 representantar

Budsjettutvalet

*Politisk organisering
i Lom kommune*



Administrativ organisering
i Lom kommune

4. Personal og organisasjon

4.1 Administrativ organisering

Administrasjonen i Lom kommune er delt inn i åtte tenesteområde med ein tenesteleiar for kvart område. I tillegg kjem staben til administrasjonssjefen. Øvste administrative leiar er administrasjonssjef Ola Helstad.

4.2 Tilsette

I 2012 fekk 16 personar fast arbeid i Lom kommune, 14 fekk utvida stilling og 13 avslutta sitt arbeidsforhold. Av desse gjekk 3 av med pensjon, anten med full AFP, alderspensjon, eller uførepensjon. Fleire av dei tilsette som fekk fast stilling eller utviding av stilling har over lengre tid vore vikarar eller midlertidig tilsett.

Gjennom arbeid med ein Arbeidsgjevarstrategi vil det bli sett fokus på blant anna deltid, jobbnærver, likestilling og livsfasepolitikk. I 2011 vart Lom kommune teke opp i prosjektet "Saman om ein betre kommune" kor fokus i Lom kommune vil vere på kompetanse. Dette er eit samarbeidsprosjekt i regi av KRD, KS og fagorganisasjonane. Arbeidsgjevarstrategien vart vedteke i kommunestyret 20.12.12. Arbeidet i 2013 skal ha fokus på Livsfasepolitikk, leiarutvikling og strategisk kompetanseplan.

| Talet på faste tilsette | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|-------------------------|------|------|------|------|------|
| | 289 | 273 | 268 | 276 | 267 |

4.3 Likestilling

Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltid og for å auke stillingsstorleiken for tilsette i deltidstillingar. Dette er eit arbeid som blir gjort saman med dei tillitsvalde.

Arbeidet med å redusere deltidstillingar har resultert i at dei som ynskja utvida stilling i 2012 fekk det. I 1999 gjorde Lom kommune vedtak om at alle som tok fagutdanning, skal få stilling og løn som fagarbeidar. Dette er med på å stimulere til kompetanseheving. Ein samarbeidspart for kompetanseheving er OPUS på Otta. Det er framleis ein skilnad mellom menn og kvinner både på stillingsstorleik, årsløn og fråvær. Det er fleire kvinner i både faste stillingar, i deltidstillingar og i vikar stillingar, medan menn har høgare alder, gjennomsnittleg årsløn og stillingsstorleik.

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det vil i det framtidlege arbeidet vere ein fokus på kompetanse, og det skal utarbeidast ein kompetanseplan for heile kommunen.

| Årsverk | Totalt | Menn | Kvinner |
|--|--------|-------|---------|
| Stab | 5,54 | 4,49 | 1,05 |
| Støttefunksjon | 14,90 | 5,20 | 9,70 |
| Garmo Oppvekstsenter | 8,88 | 1,90 | 6,98 |
| Loar barnehage | 18,62 | - | 18,62 |
| Loar skule og Lom musikk- og kulturskule | 17,41 | 2,76 | 14,65 |
| Lom ungdomsskule | 15,10 | 7,55 | 7,55 |
| MTN | 23,37 | 13,62 | 9,75 |
| Helse og Velferd | 20,61 | 2,00 | 18,61 |
| Pleie og Omsorg | 70,91 | 2,56 | 68,35 |

| | Menn | Kvinner |
|--------------------------------|-------------|----------------|
| Totaltal | 52 | 211 |
| Prosent | 19,77% | 80,23% |
| Gjennomsnitt stillingsstorleik | 64,76% | 69,29% |
| Gjennomsnitt årsløn | 424.466,- | 391.722,- |
| Gjennomsnitt alder | 49,23 | 47,21 |

| Fast tilsette i full stilling | Menn | Kvinner |
|--------------------------------------|-------------|----------------|
| Antal | 25 | 74 |
| Prosentfordeling kjønn | 25,25% | 74,75% |
| Gjennomsnitt alder | 50,96 | 46,69 |

| Deltidstilsette i faste stillingar | Menn | Kvinner |
|---|-------------|----------------|
| Antal | 21 | 147 |
| Prosentfordeling kjønn | 12% | 88% |
| Gjennomsnitt stillingsstorleik | 44,5% | 55,08% |

| Vikarar | Menn | Kvinner |
|-----------------------------------|-------------|----------------|
| Antal | 17 | 45 |
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik | 55,51% | 37,27% |
| Gjennomsnittleg alder | 44,71 | 38,29 |

4.4 Sjukefråvær

Lom kommune har skrive under *LA-avtalen*, noko som forpliktar til arbeid med nærvær og eit inkluderande arbeidsliv. Dette arbeidet er eit samarbeid mellom arbeidsgjevar, arbeidstakar, tillitsvalde og verneombod. Det totale fråværet på dei ulike tenestoområda ser slik ut i 2012:

| Tenestoområde | Menn | Kvinner |
|--|-------------|----------------|
| Stab | 0,1 | 0,3 |
| Støttefunksjon | 9,9 | 4,9 |
| Garmo Oppvekstsenter | 7,3 | 6 |
| Loar barnehage | 3,8 | 7 |
| Loar skule og Lom musikk- og kulturskule | 3,1 | 7,4 |
| Lom ungdomsskule | 1,6 | 4,9 |
| MTN | 3,1 | 7,6 |
| Helse og Velferd | 16,1 | 6,5 |
| Pleie og Omsorg | 7,0 | 11,5 |

Samanlikna med tidlegare år ser sjukefråværet for 2012 slik ut

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 1-16 dagar | 1,8% | 1,8% | 2% | 2,3% |
| 17-40 dagar | 1,1% | 1,5% | 1,1% | 2,3% |
| 41 dagar + | 4,5% | 4,2% | 3,1% | 3,2% |
| Totalt | 7,4% | 7,5% | 6,2% | 7,7% |

Fråvær grunna barn eller barnepassar sin sjukdom har resultert i dagar med fråvær som er fordelt slik:

| | Menn | | Kvinner | |
|----------------|----------------|-------|----------------|-------|
| | Talet på dagar | % | Talet på dagar | % |
| Heile kommunen | 38 | 26,2% | 107 | 73,8% |

4.5 Seniorpolitisk plan

Arbeidsmiljø og trivsel for dei tilsete står i fokus. Alle, utan omsyn til alder, er like viktige. For å legge til rette for dette vart det frå juni 2007 vedteke ein seniorpolitisk plan. Tilsette mellom 62 til og med 64 år får høve til å velje ”seniorløn” eller å ta ut fridagar etter nærare avtale. Målet er at denne gruppa skal føle seg verdsette og at det vert lagt tilrette for at dei skal stå lenger i arbeid. I 2012 hadde Lom kommune 32 som fylte 60 år eller meir. Av desse hadde 13 ei senioravtale, kor fordelinga var 3 menn og 10 kvinner, og 1 har ein delvis AFP.

4.6 Verneombod og tillitsvalde

Tillitsvalde og verneombod er viktige ressursar for Lom kommune, og det blir lagt til rette for opplæring av dei som innehar desse verv. Vi har lagt opp til ein fast møteplan med dei tillitsvalde, og i Lom kommune er Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Delta, DNJ, NSF, FO, NFF, NITO, Naturvitarane og Samfunnsvitarane representerte.


5. Økonomisk oversyn

5.1 Økonomi


5.1.1 Driftsrekneskapen

| | Notar | Rekneskap | Reg. budsjett | Oppr. budsjett | Rekneskap i fjor |
|---|------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Driftsinntekter: | 9, 10, 24, 25 | | | | |
| Brukarbetaling | | 8 021 240 | 7 893 100 | 7 747 500 | 7 601 411 |
| Andre sals- og leigeinntekter | | 32 824 583 | 30 359 200 | 30 800 800 | 35 249 699 |
| Overføringer med krav til motyting | | 39 879 293 | 30 233 908 | 25 330 908 | 26 432 992 |
| Rametilskot | 23 | 80 212 936 | 79 714 000 | 79 720 000 | 76 613 074 |
| Andre statlege overføringer | | 8 322 665 | 7 672 962 | 7 520 462 | 8 055 362 |
| Andre overføringer | | 983 287 | 0 | 0 | 12 100 147 |
| Skatt på inntekt og formue | | 40 161 789 | 41 718 000 | 41 945 000 | 36 999 905 |
| Eigedomsskatt | | 4 792 447 | 4 836 000 | 3 905 800 | 3 180 691 |
| Andre direkte og indirekte skattar | | 6 329 704 | 4 000 000 | 4 000 000 | 6 133 773 |
| Sum driftsinntekter | | 221 527 944 | 206 427 170 | 200 970 470 | 212 367 054 |
| Driftsutgifter: | 9, 10, 23,24, 25 | | | | |
| Lønsutgifter | 20 | 118 670 291 | 113 916 959 | 111 723 656 | 113 183 606 |
| Sosiale utgifter | 3 | 23 890 453 | 22 098 835 | 21 758 635 | 21 874 136 |
| Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteprod. | | 31 446 702 | 27 948 200 | 25 071 300 | 31 906 953 |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteprod. | | 17 040 193 | 17 151 545 | 21 148 057 | 24 336 005 |
| Overføringer | 8, 19 | 23 140 892 | 18 674 522 | 11 040 150 | 13 016 471 |
| Avskrivningar | 30 | 9 573 472 | 8 969 369 | 0 | 8 971 124 |
| Fordelte utgifter | | -4 464 832 | -236 334 | -236 334 | -4 728 897 |
| Sum driftsutgifter | | 219 297 172 | 208 523 096 | 190 505 464 | 208 559 397 |
| Brutto driftsresultat | | 2 230 772 | -2 095 926 | 10 465 006 | 3 807 657 |
| Finansinntekter: | | | | | |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | | 13 406 262 | 14 100 000 | 16 100 000 | 15 172 746 |
| Gevinst på finansielle instrument | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån | | 82 400 | 130 000 | 130 000 | 175 570 |
| Sum eksterne finansinntekter | | 13 488 663 | 14 230 000 | 16 230 000 | 15 348 316 |
| Finansutgifter: | | | | | |
| Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 13, 23 | 4 016 030 | 4 312 300 | 4 312 300 | 3 959 605 |
| Tap på finansielle instrument | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdragsutgifter | 13 | 7 630 956 | 7 065 000 | 7 065 000 | 7 269 557 |
| Utlån | | 111 481 | 100 000 | 100 000 | 223 268 |
| Sum eksterne finansutgifter | | 11 758 467 | 11 477 300 | 11 477 300 | 11 452 430 |
| Resultat eksterne finanstransaksjonar | | 1 730 196 | 2 752 700 | 4 752 700 | 3 895 887 |
| Motpost avskrivningar | | 9 573 472 | 8 969 369 | 0 | 8 971 124 |
| Netto driftsresultat | 22 | 13 534 441 | 9 626 144 | 15 217 706 | 16 674 668 |
| Interne finanstransaksjonar: | | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk | | 5 053 564 | 5 053 564 | 0 | 4 299 436 |
| Bruk av disposisjonsfond | 6 | 3 257 191 | 4 972 485 | 1 493 800 | 4 429 391 |
| Bruk av bundne fond | 6 | 4 773 833 | 5 285 132 | 3 524 254 | 6 793 753 |
| Bruk av likviditetsreserve | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum bruk av avsetningar | | 13 084 587 | 15 311 181 | 5 018 054 | 15 522 580 |
| Overført til investeringsrekneskapen | 12 | 9 954 204 | 10 289 000 | 10 224 000 | 1 916 772 |
| Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar til disposisjonsfond | 6 | 6 854 800 | 9 440 700 | 5 600 960 | 7 942 173 |
| Avsetningar til bundne fond | 6 | 7 625 822 | 5 207 624 | 4 410 800 | 17 284 739 |
| Avsetningar til likviditetsreserven | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum avsetningar | | 24 434 827 | 24 937 324 | 20 235 760 | 27 143 683 |
| Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk | 15 | 2 184 201 | 0 | 0 | 5 053 564 |

Utvikling i brutto driftsresultat siste fem år.
Tal i tusen kroner.



Utvikling i netto driftsresultat siste fem år.
Tal i tusen kroner.



Utvikling av driftsresultat siste fem år (tal i tusen kroner):

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---------------------------------------|--------------|--------------|--------------|---------------|---------------|
| Sum driftsinntekter | 161 836 | 177 075 | 187 781 | 212 487 | 221 528 |
| Sum driftsutgifter | 168 850 | 181 225 | 193 733 | 208 679 | 219 297 |
| Brutto driftsresultat | -7 015 | -4 150 | -5 952 | 3 808 | 2 230 |
| Resultat eksterne finanstransaksjoner | 4 098 | 3 210 | 4 143 | 3 896 | 1 730 |
| Motpost avskrivninger | 8 012 | 8 299 | 8 476 | 8 971 | 9 573 |
| Netto driftsresultat | 5 095 | 7 359 | 6 667 | 16 675 | 13 534 |

5.1.2 Balanserekneskapen

| Eigendelar | Notar | 2012 | 2011 |
|---------------------------------------|----------|--------------------|--------------------|
| Anleggsmidler | | 560 712 471 | 481 001 907 |
| Av dette: | | | |
| Faste eiendommer og anlegg | 11 | 295 806 852 | 239 389 847 |
| Utstyr, maskinar og transportmiddel | 11 | 3 533 247 | 3 747 837 |
| Utlån | | 49 317 525 | 46 716 030 |
| Konserninterne langsiktige fordringar | | 0 | 0 |
| Aksjar og andeler | 4, 5 | 9 372 899 | 9 060 289 |
| Pensjonsmidlar | 3 | 202 681 948 | 182 087 904 |
| Omløpsmidlar | 2 | 116 670 670 | 108 061 008 |
| Av dette: | | | |
| Kortsiktige fordringar | 21 | 23 553 006 | 18 342 317 |
| Konserninterne kortsiktige fordringar | | 0 | 0 |
| Premiavvik | | 3 670 404 | 1 432 816 |
| Aksjar og andeler | | 0 | 0 |
| Sertifikat | | 0 | 0 |
| Obligasjonar | | 0 | 0 |
| Kasse, postgiro, bankinnskot | 18 | 89 447 260 | 88 285 875 |
| Sum eigendelar | | 677 383 141 | 589 062 915 |

| Eigenkapital og gjeld | Notar | 2012 | 2011 |
|---|---------------|--------------------|--------------------|
| Eigenkapital | | 217 908 710 | 212 784 875 |
| Av dette: | | | |
| Disposisjonsfond | 6, 26 | 28 710 627 | 25 096 017 |
| Bundne driftsfond | 6 | 35 574 159 | 36 372 284 |
| Ubundne investeringsfond | 6 | 4 455 862 | 6 455 862 |
| Bundne investeringsfond | 6, 27, 28, 29 | 903 955 | 913 354 |
| Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift | | -2 977 477 | -2 910 801 |
| Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Invest | | -369 896 | -369 896 |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | 15 | 2 184 201 | 5 053 564 |
| Rekneskapsmessig meirforbruk | 15 | 0 | 0 |
| Udisponert i investeringsrekneskap | | 176 578 | 0 |
| Udekket i investeringsrekneskap | | 0 | 0 |
| Likviditetsreserve | | 0 | 0 |
| Kapitalkonto | 7 | 149 250 700 | 142 174 491 |
| Langsiktig gjeld | 14, 4 | 418 247 072 | 346 596 442 |
| Av dette: | | | |
| Pensjonsforpliktingar | 3 | 263 946 021 | 233 183 390 |
| Ihendehavarobligasjonslån | | 0 | 0 |
| Sertifikatlån | | 0 | 0 |
| Andre lån | 13, 14 | 154 301 051 | 113 413 052 |
| Konsernintern langsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 2 | 41 227 359 | 29 681 598 |
| Av dette: | | | |
| Kassakredittlån | | 0 | 0 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 41 227 359 | 29 681 598 |
| Konsernintern kortsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Premieavvik | | 0 | 0 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 677 383 141 | 589 062 915 |

| | | |
|-----------------------------------|-------------------|-------------------|
| Memoriakonto | 8 812 227 | 8 024 553 |
| Av dette: | | |
| Ubrukte lånemidler | 6 785 301 | 7 835 702 |
| Ubrukte konserninterne lånemidler | 0 | 0 |
| Andre memoriakonti | 2 026 925 | 188 851 |
| Motkonto til memoriakonto | -8 812 227 | -8 024 553 |

5.1.3 *Investeringsrekneskapen*

| | Budsjett 2012 | Rekneskap 2012 |
|--|-------------------|-------------------|
| Leasing bilar | | |
| Finansiell leasing-bilar | 312 000 | 311 549 |
| Regiondata investeringar | 381 000 | 367 724 |
| Etableringslån | 2 882 000 | 4 486 720 |
| Digitale tavler | 260 000 | 314 411 |
| Utskifting av ledn.nett/avl.nett | 1 852 000 | 1 829 964 |
| Rep. av div kommunale bruer | 750 000 | 742 992 |
| Kollavegen | 150 000 | 0 |
| Skredsikring-utb.bustader | 1 550 000 | 687 723 |
| Aggregat | 100 000 | 0 |
| Fossbergom renseanlegg rehabilitering | 230 000 | 204 857 |
| Sikringstiltak/skredkartlegging | 0 | -89 900 |
| Enøk-tiltak | 200 000 | 100 006 |
| Utgard | 65 400 000 | 61 662 081 |
| Bioenergi-anlegg | 100 000 | 50 115 |
| Innl. grunn tomter | 441 000 | 0 |
| Bustad til flyktn/vanskelegstilte-2012 | 2 000 000 | 0 |
| T o t a l t | 76 608 000 | 70 668 242 |

5.1.4 *Finansieringsanalyse*

| | Rekneskap | Reg. budsjett | Oppr. budsjett | Rekneskap i fjor |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Anskaffing av midlar: | | | | |
| Inntekter driftsdel (kontoklasse 1) | 221 527 944 | 206 427 170 | 200 970 470 | 212 367 054 |
| Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0) | 4 183 323 | 6 600 000 | 6 600 000 | 1 278 336 |
| Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar | 64 941 589 | 64 958 000 | 67 006 000 | 23 803 066 |
| Sum anskaffing av midlar | 290 652 856 | 277 985 170 | 274 576 470 | 237 448 457 |
| Bruk av midlar: | | | | |
| Utgifter driftsdel (kontoklasse 1) | 209 723 700 | 199 476 726 | 189 949 463 | 199 588 273 |
| Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0) | 65 808 483 | 73 726 000 | 71 168 000 | 11 399 820 |
| Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar | 17 023 373 | 14 359 300 | 14 359 300 | 17 444 001 |
| Sum bruk av midlar | 292 555 555 | 287 562 026 | 275 476 763 | 228 432 093 |
| Anskaffing - bruk av midlar | -1 902 699 | -9 576 856 | -900 293 | 9 016 364 |
| Endring i ubrukte lånemidler | -1 050 400 | 0 | 0 | 5 266 153 |
| Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK Drift | -66 676 | 0 | 0 | 0 |
| Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK Invest | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Endring i arbeidskapital | -3 019 775 | -9 576 856 | -900 293 | 14 282 517 |
| Avsetningar og bruk av avsetningar | | | | |
| Avsetningar | 17 208 263 | 14 648 324 | 10 011 760 | 31 267 157 |
| Bruk av avsetningar | 19 110 962 | 24 452 181 | 11 618 054 | 22 250 794 |
| Til avsetning seinare år | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetningar | -1 902 699 | -9 803 857 | -1 606 294 | 9 016 364 |
| Interne overføringer og fordelinger | | | | |
| Interne inntekter mv | 25 245 043 | 24 880 341 | 15 120 072 | 16 878 863 |
| Interne utgifter mv | 25 245 043 | 25 030 342 | 15 270 073 | 16 878 863 |
| Netto interne overføringer | 0 | -150 001 | -150 001 | 0 |

| | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 |
|---|-------------------|-------------------|
| Oversikt endring arbeidskapital | | |
| <u>Omløpsmidlar:</u> | | |
| Endring betalingsmidlar | 1 161 385 | 8 804 618 |
| Endring ihendehaverobligasjonar og sertifikat | | 0 |
| Endring kortsiktige fordringer | 5 210 689 | 6 398 970 |
| Endring premieavvik | 2 237 588 | -839 140 |
| Endring aksjer og andelar | | 0 |
| Endring omløpsmidlar (a) | 8 609 662 | 14 364 448 |
| <u>Kortsiktig gjeld:</u> | | |
| Endring kortsiktig gjeld (b) | -11 545 762 | -31 931 |
| Endring arbeidskapital (a-b) | -2 936 099 | 14 332 517 |

5.1.5 *Avviksmelding - inntekter og driftutgifter*

Sjå note 24 på side 67.

5.1.6 *Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar*

| Tal i tusen kroner | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|
| Total langsiktig gjeld | 310 375 | 314 484 | 323 492 | 346 596 | 418 247 |
| Av dette er pensjonsforpliktingar | 187 026 | 196 533 | 214 560 | 233 183 | 263 946 |
| Langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingar | 123 348 | 117 951 | 108 932 | 113 413 | 154 301 |
| Tal i tusen kroner | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Eigenkapital | 204 945 | 196 044 | 200 421 | 212 785 | 217 909 |
| Totalkapital | 542 298 | 538 774 | 553 562 | 589 063 | 677 383 |
| Langsiktig gjeld | 310 375 | 314 484 | 323 492 | 346 596 | 418 247 |
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Eigenkapitalprosent | 37,8 | 36,4 | 36,2 | 36,1 | 32,1 |

Udisponert på forskjellige fond:

| Tal i tusen kroner | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|--------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Bundne driftsfond | 16 487 | 20 118 | 22 625 | 27 154 | 30 107 |
| Bundne investeringsfond | 3 114 | 4 261 | 1 110 | 913 | 904 |
| Disposisjonsfond | 17 830 | 22 099 | 21 448 | 23 378 | 26 730 |
| Ubundne investeringsfond | 5 111 | 6 475 | 5 853 | -1 126 | -516 |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | 5 200 | 3 479 | 4 299 | 5 054 | 2 184 |

5.2 Finansiell rapport

5.2.1 *Føremålet med finansforvaltninga*

Overordna mål

- Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finansielle stilling.
- Finansforvaltning skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

Delmål

- Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning. Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko.
- Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje

innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.


- Forvaltning av eventuelle langsiktige finansielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.

5.2.2 Nøkkeltal

| Nøkkeltal pr. 31.12.2010 | 01.01.2012 – 31.12.2012 |
|---|-------------------------|
| Renteinntekter og aksjeutbytte | Kr 12 453 000 |
| Avkasting i % | 10,0 % |
| Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar | Kr 154 301 000 |
| Effektiv lånerente | 2,6 % |
| Aksjar og utlån | Kr 35 034 000 |

5.2.3 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål

- Kommunen sine middel til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).
- Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank. I tillegg kan det gjerast innskot i andre spare- eller forretningsbankar.
- Kommune skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.
- Kommunen sine likvider er plassert i bankinnskot. Pr 31.12.2012 er kr 30 000 000 plassert til fastrente med bindingstid på eitt år.
- Likvider elles er plasserte til flytande rente, og er til kvar tid disponible midlar.



Utvikling i likviditet

5.2.4 Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

Sum lånebehov for 2012 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 48 176 000.

Nye lån i 2012 er på kr 46 437 549. I tillegg til dette, kjem kr 3 000 000 i låneoptak for etableringslån.

Det er inngått avtaler om finansiell leasing, med utrekna nåverdi/lånebeløp på kr 311 549.

Det er ikkje gjort nokor refinansiering.

Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

- Fastrentelån: 36,8%
- Flytande rente: 63,2 %

Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera

lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente, medan mens 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen Etter dette blir det vurdert til at fordeling av låna er innanfor reglementet sine krav.

Som eitt av delmåla i finansreglementet står:

«Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.

Ved 1 % renteauke, vil våre utgifter på 1 år auke med ca kr 970 000.

Lån til flytande rente er på kr 97 020 000, medan innskot til flytande rente er på kr 63 000 000 pr 31.12. Lån til flytande rente er kr 34 000 000 høgare enn innskot til flytande rente. Dette indikerer ein noko større renterisiko enn det vi har hatt tidlegare, da lån til flytande rente har vore omtrent på same nivå som innskot til flytande rente. I vurdering av dette, så har vi kr 30 000 000 innskot til fastrente som ligg over normalt rentenivå.

5.2.5 Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

Føremål

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkastning.

Dagens situasjon

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill.

I tillegg har Lom kommune disse aksjane/eigedelane i andre selskap:

| Namn på selskap | Eigardel i selskapet | Eventuell marknadsværdi | Balanseført verdi 31.12.2012 | Balanseført verdi 31.12.2011 |
|--------------------------------------|----------------------|-------------------------|------------------------------|------------------------------|
| Gudbrandsdal Lufthamn AS | | 127 500 | 127 500 | 127 500 |
| Eidefoss AS | | 2 400 000 | 2 400 000 | 2 400 000 |
| Midtgard AS | 50 % | 1 410 000 | 1 410 000 | 1 410 000 |
| Jotunheimen Reiselivslag AS | | 11 000 | 11 000 | 11 000 |
| Skjolden Næringsbygg AS | | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Kommunekraft | | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Det Norske Teatret | | 1 | 1 | 1 |
| Gudbrandsdal Industrier AS | 6,90 % | 541 000 | 541 000 | 541 000 |
| Gudbrandsdalsmusea AS | 12,00 % | 36 000 | 36 000 | 36 000 |
| KLP - eige kapitalinnskot | | 3 926 132 | 4 338 742 | 3 926 132 |
| Stiftelsen Norsk Kulturarv | 4,00 % | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Lom Tamreinlag ANS | | 60 000 | 60 000 | 60 000 |
| NGR - Renovasjonsselskap | 12,46 % | 88 400 | 88 400 | 88 400 |
| Laboratorie-analyser a/s | | 44 255 | 44 255 | 44 255 |
| Kompetanse. Universitets- og forskn. | | 100 000 | - | 100 000 |
| Klimapark-2469 | | 165 000 | 165 000 | 165 000 |
| Lom og Skjåk Brannvesen IKS | 50,00 % | | | |
| Sum | | 9 060 288 | 9 372 898 | 9 060 288 |

Flesteparten av disse eigedelane er ikkje med føresetnad om avkastning til kommunen, men som eit bidrag til samfunnutvikling.

5.3 Det totale målekartet

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Res. 2011 | Mål 2012 | Resultat 2012 | Mål 2013 | |
|--------------------|------------------------------|---|--|-------------|------------------|-------------|------|
| Økonomi | Økonomi- styring og drift | Brutto driftsresultat | 1,8% | 1,4% | 1,0% | 1,3% | |
| | | Netto driftsresultat | 7,9% | 8,0% | 6,1% | 8,0% | |
| | Finansiell styring | Eigenkapitalprosent | 36,1% | 38% | 32,1% | 36,0% | |
| | | Gjeldsgrad (Gjeld/ Eigenkapital) | 1,8 | 1,1 | 2,1 | 1,1 | |
| | Likviditets- styring | Kredittid fordringar | | 32 dagar | - | - | |
| | | Likviditetsgrad 1 | 3,6 | 3,4 | 2,7 | 3,4 | |
| | | Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter | 37,2% | 40,0% | 34,0% | 34,0% | |
| Med- arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,3 | 4,7 | 4,6 | 4,8 | |
| | | Er du nøgd med standard på arbeidslokala? | 4,1 | 4,3 | 4,0 | 4,3 | |
| | | Løyer dykk felles arbeids- oppgåver på ein god måte? | 4,9 | 4,8 | 5,0 | 4,9 | |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 5,1 | 5,2 | 4,9 | |
| | | Målt | Sjukefråvær korttid | 2,0% | 2,5% | 2,3% | 2,5% |
| | kvalitet | Sjukefråvær langtid | 4,2% | 3,9% | 5,5% | 3,9% | |
| | | Svarprosent | | | | | |
| | | medarbeidarundersøking | 62% | 83% | 57% | 83% | |
| | Læring og fornyng | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,5 | 4,6 | 4,9 | 4,7 |
| | | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,0 | 4,3 | 4,3 | 4,6 |

5.3.1 Avvikskommentar til det totale målekartet

Eigenkapital og gjeldsgrad:

Gjelda aukar meir enn tilførsel av kapital gjennom avsetning til fond. Dette ligg i det vesentlege i investering i Utgard.

Likviditetsgrad:

Her er det auke i kortsiktig gjeld som er større enn auke i omløpsmiddel. Det er ei auke i omløpsmiddel på ca kr 11 mill kroner, der ca 8 mill kroner er auke i fordringar. Kortsiktig gjeld har auka med ca 14 mill kroner. Denne endringa ligg i investeringsaktiviteten.

Det er elles mindre avvik frå målsettinga.

6. Oversikt frå tenesteområda

6.1 Staben til administrasjonssjefen

6.1.1 Hovudoppgåver

Hovudoppgåver - kultur

- Halde i hevd, vidareutvikle og formidle den lokale kulturen i Lom for bygdafolk og gjester.
- Kontakt og samarbeid med både lokale kulturberarar og kulturberarar og –uttrykk utanfrå større og mindre samanhengar.
- Sikre gode oppvekstkår, varierte kulturtilbod og medråderett for dei unge i Lom.
- Vera med å sikre at Utgard blir ein god, tenleg og allsidig kulturarena for bygdafolk og gjester.

Hovudoppgåver - oppvekst

- Gje råd i skule- og barnehagesaker.
- Ha tilsyn med at skule og barnehage driv i samsvar med lover og forskrifter
- Vurdere, analysere og følgje opp resultat.
- Rapportere til kommune, fylkesmann og andre.
- Sakshandsamar i skule- og barnehagesaker.
- Pådrivar i utviklingsarbeid. Initiere og følgje opp.
- Følgje opp styringssignal
- Delta i regionalt samarbeid.
- Representere skuleeigar og barnehageeigar i ulike samanhengar.
- Delta i tverrfagleg samarbeid.

6.1.2 Kommenterar til utviklingstrekk

Kommenterar til utviklingstrekk - kultur

- Aktiviteten i friviljuge lag om lag som før.
- Utgard. Prosjektet med å realisere fleirbrukshuset Utgard har prega heile året. Mange utfordringar knytte til kultur og logistikk i etablering og drift har prega prosessen i året som gjekk. Mange nye dørar kan bli opna når anlegget står ferdig.
- Kultur- og ungdomskonsulenten er tiltenkt ei sentral rolle i drifta av Utgard. Ei endring i stillinga er difor aktuelt.
- Det regionale samarbeidet innan UKM er godt og held høgt nivå til beste for dei unge.
- Korslaget «NasjonsparkSKriket» gjennomført med stor suksess.
- Prosess om eit framtidig diktarsenter held fram med m.a. Nynorsk kultursentrum som samarbeidspart.
- Gjennomført vellykka internasjonal ungdomsutveksling i Lom i sommar.
- Kultursida www.lom.no delvis lagt på is med tanke på omorganisering av kommunesida. Trong for nettstad knytt til Utgard.

Kommenterar til utviklingstrekk - oppvekst

- Større vekt på kvalitet i barnehagen. Fokus på barns trivsel.
- Barnehagelova under endring.
- Auka krav til kvalitetssystem både i skule og barnehage.
- Meir samarbeid mellom dei to barnehagane. Felles fokusområde. Felles årsplangruppe sett ned.
- Stadig nye tiltak frå sentralt hald for å betre resultata i skulen.
- Tre leseretleiarar under utdanning, ein på kvar skule.
- Kommunal leseplan under utarbeiding.
- Store endringar i ungdomsskulen. Nye fag. Meir praktisk retta.
- Vidareføring av statleg strategi for etter- og vidareutdanning av lærarar.
- Skulane inne i sitt tredje år av kompetanseheving i lese- og læringsstrategiar.
- Oppstart av felles matematikksatsing for skule og barnehage hausten 2013.

6.1.3 *Utfordringar framover*

Utfordringar framover - kultur

- Halde fram kontakt med friviljuge lag og koordinering av aktivitetar og arrangement.
- Inspirere til aktivt friviljug arbeid i bygda.
- Arbeide for at huslause lag og ungdomsklubben får ein stad å vera etter at Ungdomshuset blir rive.
- Oppmuntre til samfunnsengasjement blant dei unge i ei tid og eit samfunn der det meste er sjølvsgagt.
- Halde fram prosessen med etablering og drift av Utgard. Mykje skal på plass av både inventar, logistikk o.a. i etableringa, og med personell og gode strukturar i drifta når anlegget er ferdig.
- Arbeide for å styrkje personalressursane innan kulturområdet, særleg i samband med og etter etableringa av Utgard. Leggje til rette for eit kreativt arbeidsmiljø for tilsette innan kulturområdet.
- Vidareutvikle planar for og vonaleg realisering av eit diktarhus i tilknytning til biblioteket. Vera med å leggje til rette for større kulturhendingar som Diktardagar og Til Topps.
- Vera med å gjera Presthaugen til ein levande trivselsplass til ulike føremål i samarbeid med Lom bygdamuseum, Gudbrandsdalsmusea AS.
- Leggje til rette for aktivitetar, tilbod og medråderett i planarbeid for dei unge i Lom.

Utfordringar framover - oppvekst

- Oppfylle krav i lover, forskrifter og andre styringsdokument.
- Sikre nok kompetanse på alle skulane. Erstatte kompetanse som forsvinn.
- Følgje opp staten si satsing på vidareutdanning av lærarar. (Må arbeide for å få inn midlar i budsjettet.)
- Gjere politikarar til gode barnehage- og skuleeigarar.
- Tilstreккеleg kompetanse og kapasitet på kommunenivå.
- Implementere satsingsområda.

6.1.4 Resultatindikatorar for skulane i Lom

| KOSTRA-tal basert på forebels rapportering 15. februar 2013 | Lom 2010 | Lom 2011 | Lom 2012 | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Komm- gruppe 2012 | Opp- land 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|---|-------------|-------------|----------------|---------------|--------------|-------------------------|----------------------|-------------------------|
| Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år | 102 758 | 109 211 | 121 427 | 138 977 | 117 802 | 112 324 | 104 665 | 96 319 |
| Netto driftsutgifter til skulelokale, per innbyggjar 6-15 år | 1 044 | 1 606 | 2 881 | 5 275 | 2 394 | 4 664 | 4 370 | 4 030 |
| Netto driftsutgifter til skuleskyss, per innbyggjar 6-15 år | 18 060 | 20 090 | 21 075 | 22 324 | 18 488 | 17 542 | 16 801 | 15 725 |
| Netto driftsutgifter til skulefritidsordning, per innbyggjar 6-9 år | 2 950 | 4 108 | 4 371 | 6 548 | 4 312 | 3 360 | 3 141 | 1 901 |
| Andel elevar i grunn- skulen som får spesial- undervisning, prosent | 7,0 | 5,3 | 4,8 | 6,3 | 5,7 | 10,7 | 8 | 8,6 |
| Timer spesial- undervisning i prosent av antall lærertimer totalt | 17,3 | 12,9 | 14 | 17,6 | 14,3 | 19 | 17,5 | 18 |
| Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskule- undervisning, per elev | 102 810 | 105 761 | 122 637 | 138 591 | 118 317 | 115 578 | 110 871 | 103 194 |
| Driftsutgifter til undervisningsmaterieil, per elev i grunnskulen | 2 585 | 2 767 | 2 486 | 1 962 | 1 804 | 1 813 | 1 568 | 1 429 |
| Gjennomsnittlig gruppe- storleik, 1. til 4. årstrinn | 10,4 | 10,5 | 10,7 | 11,0 | 14,1 | 11,1 | 11,9 | 13,1 |
| Gjennomsnittlig gruppe- storleik, 5. til 7. årstrinn | 13,3 | 10,9 | 10,3 | 11,0 | 10,6 | 11,3 | 11,9 | 12,8 |
| Gjennomsnittlig gruppe- storleik, 8. til 10. årstrinn | 12 | 11,7 | 11,4 | 10,8 | 13,0 | 12,5 | 13,3 | 14,6 |
| Gjennomsnittlige grunnskulepoeng | 39,6 | 39,6 | 37,4 | 38,6 | 36,2 | : | 39,6 | 39,9 |

6.1.5 Rekneskapsversikt

| Administrativ stab | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|-------------------------------|---------------------|-------------------|----------------|
| Lønsutgifter | 4 717 600 | 5 207 932 | 490 332 |
| Kjøp av varer og tenester | 1 857 803 | 1 501 219 | -356 584 |
| Kjøp av tenester frå andre | 2 042 000 | 1 637 833 | -404 167 |
| Overføringar | 5 477 500 | 5 690 368 | 212 868 |
| Finansutgifter/transaksjonar | 454 750 | 342 600 | -112 150 |
| Salsinntekter | -98 500 | -99 218 | -718 |
| Refusjonar | -2 921 257 | -2 935 847 | -14 590 |
| Overføringar | 0 | -2 000 | -2 000 |
| Finansinntekter/transaksjonar | -481 200 | -376 555 | 104 645 |
| Sum stab | 11 048 696 | 10 966 331 | -82 365 |

6.1.6 Kommenterar til avvik

Ingen store avvik

6.2 Støttefunksjonen

6.2.1 Hovudoppgåver

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbyggjarane i kommunen.

Støttefunksjonen har ansvaret for:

- Arbeidsgjevarkontrollen (Samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdalen som utfører

bokettersyn av lønnsområde på arbeidsplassar i regionen) Lom kommune administrerer ordninga.

- Biblioteket
- Informasjon
- IT/IKT
- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- Servicetorg
- Tilflytting - vertsskap

6.2.2 Kommentaarar til utviklingstrekk

- Krav til både ekstern- og intern informasjon er stor. Ny heimesideplattformer gjer det mogleg å gje betre informasjon både internt og eksternt. Vår heimeside vart rangert som ein av dei beste i Noreg i 2012 på lik line med 2011 i ei rangering av offentlege nettstader (ca 860 nettstader) som er gjennomført av Difi (Norge.no-undersøkinga).
- Det skal utviklast ny informasjonsplan for kommunen.
- Presset på den kommunale økonomi er stor. Sentrale styremakter signaliserer stramme budsjett.
- Stor og variert saksmengde set krav til fleksibel organisasjon og kompetanse.
- Det er eit "press" om utviding av det enkelte tenesteområde sine rammer. Dette set krav til ytterligere styrking av styringa i kommunen. For å møte dette må det til ei systematisk analyse av økonomi, kvalitets- og medarbeidarindikatorar.
- Ny arbeidsgjevarstrategi vart vedteke i

desember 2012. Arbeidet med strategisk kompetanseplan i samband med deltaking i prosjektet Saman og ei betre kommune fortsett i 2013. I tillegg skal arbeidet med ein livsfasepolitikk startast på.

- Godt besøk og utlån ved Lom folkebibliotek
- Det er stor aktivitet på fjernlån (innlån av bøker m.m. frå andre bibliotek)
- Biblioteket er mykje brukt av tilreisande for oppkopling mot internett
- Det er behov for å satse meir på formidling.
- Tett samarbeid med skulane fortsett.
- Godt samarbeid med dei andre biblioteka i regionen.
- Det blir arbeidd med vidareutvikling av Nasjonalparkbiblioteket.
- Implementering av elektronisk HMS- og kvalitetssystem for heile kommunen skal skje i løpet av 2013.
- System for oppgåvestyring for Støttefunksjonen skal implementerast.

6.2.3 Utfordringar framover

- Fortsette utvikling av rapporteringsrutinar
- Implementere produkt/tenestekatalog/ oppgåvestyring for Støttefunksjonen, som er ei oversikt, bestillings- og styringssystem av dei oppgåvene Støttefunksjonen yter til dei andre resultatområda.
- Informasjonsplan
- Forsette utviklinga av INTRANETTET.
- Gjennom informasjonsarbeidet, leggje til rette for god omdømebygging av kommunen, samt få synleggjort Lom kommune som arbeidsgjevar.
- Oppretthalde eit høgt nivå på tenester levert av biblioteket.
- Strategisk kompetansestyring, fortsetja dette arbeidet. Arbeidet er eit tre – partssamarbeid.
- Gjennomføre implementering av elektronisk internkontroll-/ kvalitetsstyringssystem for heile kommunen. Dette er like mykje eit organisasjonsutviklingsprosjekt som eit systemprosjekt.
- Utnytting av oppgradert økonomi- og personalsystem.
- Utgreiing av om kommunen skal innføre eigedomsskatt i heile kommunen.
- Utgreie samarbeid med andre kommunar om felles kontor for rekneskap og løn.

6.2.4 Målekart

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Støtte- | Støtte- | Støtte- |
|---------------------------|-----------------------|---|---------------|------------------------|-------------------|------------------------|
| | | | resultat 2011 | funksjon resultat 2011 | funksjon mål 2012 | funksjon resultat 2012 |
| Brukarar økonomi-avdlinga | Opplevd kvalitet | Økonomi gjev god service ved kontakt | | *) | 4,9 | 5,1 |
| | | Økonomi er løysingsorientert | | *) | | 4,9 |
| | | Økonomi held avtalde fristar | | *) | | 4,8 |
| | | Økonomi tydeleggjer tenestene eg kan få | | *) | | 4,8 |
| | Målt kvalitet | Kredittid fordringar | | | 27 dagar | |
| Brukarar løn og personal | Opplevd kvalitet | Løn/personal gjev god service ved kontakt | | *) | 4,3 | 4,5 |
| | | Løn/personal er løysingsorientert | | *) | | 4,3 |
| | | Løn/personal held avtalde fristar | | *) | | 3,8 |
| | | Løn/personal tydeleggjer tenestene eg kan få | | *) | | 4,1 |
| Brukarar Service-torget | Opplevd kvalitet | Service-torget gjev god service ved kontakt | | *) | 4,5 | 4,9 |
| | | Service-torget er løysingsorientert | | *) | | 4,7 |
| | | Service-torget held avtalde fristar | | *) | | 4,6 |
| | | Service-torget tydeleggjer tenestene eg kan få | | *) | | 4,9 |
| | Målt kvalitet | Restansar i sak/arkivsystemet | - | 16% | 15% | 8,7% |
| | | Andel saker handsama innan 14 dagar | - | 58% | 80% | 63,3% |
| Brukarar IKT | Opplevd kvalitet | IKT gjev god service ved kontakt | | *) | 4,5 | 4,5 |
| | | IKT er løysingsorientert | | *) | | 4,5 |
| | | IKT held avtalde fristar | | *) | | 3,3 |
| | | IKT tydeleggjer tenestene eg kan få | | *) | | 4,4 |
| Brukarar informasjon | Opplevd kvalitet | Informasjon gjev god service ved kontakt | | *) | 4,5 | 4,1 |
| | | Informasjon er løysingsorientert | | *) | | 4,1 |
| | | Informasjon held avtalde fristar | | *) | | 3,4 |
| | | Informasjon tydeleggjer tenestene eg kan få | | *) | | 4,1 |
| | Målt kvalitet | Total score i kvalitet på heimesida | | 89% | 92% | **) |
| | | Besøkande på kommunenettstaden pr. veke | | 4 380 | 10 000 | 1 701 |
| | | Besøkande på Lom.no gjennomsnitt pr. veke | | 210 | 5 000 | 121 |
| Brukarar biblioteket | Målt kvalitet | Utlån pr. innbyggjar | - | Nr 1 i Oppland | Nr 1 i Oppland | Nr 1 i Oppland |
| | Opplevd kvalitet | Kor flinke er dei tilsette til å hjelpe deg? | 5,6 | 5,9 | 5,5 | 5,8 |
| | | Er det mogleg å påverke lånetilbudet? | 4,7 | 5,2 | 5,5 | 5,4 |
| | | Korleis er informasjon om nye bøker? | 4,5 | 5,2 | 5,3 | 3,7 |
| Med-arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,8 | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | 3,9 | 5,1 | 4,5 | 5,0 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | 4,8 | 5,0 | 4,8 | 5,1 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 5,3 | 5,0 | 5,1 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | - | 1,9% | 1,7% | 3,6% |
| | | Sjukefråvær langtid | - | 2,0% | 2,9% | 5,6% |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,5 | 4,4 | 4,9 | 5,1 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,2 | 3,9 | 4,9 | 4,5 |

*) Nye måleindikatorar i 2012.

***) Norge.no-undersøkinga for 2012 er ikkje klar før i mai 2013.

6.2.5 Rekneskapsversikt

| Støttefunksjonen | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|-------------------------------|------------------------|---------------------|------------------|
| Lønsutgifter | 6 071 514 | 7 913 480 | 1 841 966 |
| Kjøp av varer og tenester | 2 633 753 | 2 355 782 | -277 971 |
| Kjøp av tenester frå andre | 3 558 400 | 4 037 712 | 479 312 |
| Overføringar | 6 760 400 | 10 646 234 | 3 885 834 |
| Finansutgifter/transaksjonar | 44 309 243 | 46 123 315 | 1 814 072 |
| Salsinntekter | -16 809 935 | -19 907 523 | -3 097 588 |
| Refusjonar | -13 592 157 | -17 346 338 | -3 754 181 |
| Overføringar | -132 018 000 | -133 278 478 | -1 260 478 |
| Finansinntekter/transaksjonar | -31 858 236 | -30 064 857 | 1 793 379 |
| Sum støttefunksjonen | -130 945 018 | -129 520 673 | 1 424 345 |

6.2.6 Resultatindikatorar

| Finansielle nøkkeltal | Lom | | | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Komm.- gruppe 2012 | Opp- land 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|---|--------|--------|--------|---------------|--------------|--------------------------|----------------------|-------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | -2,8 | 1,8 | 1,0 | -0,1 | -0,9 | 1,5 | 1,2 | 2,1 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 4,0 | 7,9 | 6,2 | 5,4 | 0,2 | 2,2 | 3,3 | 2,6 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 172,3 | 164,3 | 190,3 | 211,4 | 221,5 | 201,3 | 191,9 | 193,8 |
| Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter | 34,3 | 37,2 | 38,6 | 42,0 | 26,5 | 19,2 | 28,7 | 21,3 |
| Frie inntekter i kroner per innbyggjar | 41 710 | 48 597 | 51 837 | 51 272 | 53 249 | 51 321 | 46 229 | 45 652 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar | 26 280 | 24 505 | 41 539 | 15 152 | 65 683 | 52 063 | 39 888 | 44 032 |

6.2.7 Nøkkeltal

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|--------------------------------|--------|--------|---------|--------|--------|
| Tenesteleiar - årsverk | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| <u>Økonomiavdelinga:</u> | | | | | |
| Talet på årsverk | 3,8 | 3,8 | 3,8 | 3,8 | 3,2 |
| Talet på bilag | 11 513 | 11 754 | 12 079 | 12 346 | 12 644 |
| <u>Sevicetorget:</u> | | | | | |
| Talet på årsverk | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,9 |
| Talet på journalpostar | 5 050 | 5 575 | 4 900 | 5 719 | 8 250 |
| Søknader om etableringstilskot | 10 | 12 | Opphøyr | - | - |
| Søknader om skjenkeløyve | 35 | 9 | 3 | 12 | - |
| Talet på formannskapsmøte | 21 | 24 | 17 | 20 | 23 |
| Talet på kommunestyremøte | 10 | 9 | 8 | 8 | 7 |
| Talet på budsjettutvalsmøte | 7 | 5 | 6 | 7 | 5 |
| Talet på andre utvalsmøte | 15 | 30 | 32 | 87 | 39 |

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|-------------------------------------|--------|--------|-------|-------|-------|
| <u>Biblioteket:</u> | | | | | |
| Utlån pr innbyggjar | 10,2 | 9,7 | 9,8 | 10,0 | 11,2 |
| Gjennomsnitt i Oppland | 4,9 | 5,0 | 4,9 | 5,4 | *) |
| Besøk pr innbyggjar | 7,1 | 8,2 | 8,0 | 8,8 | 9,0 |
| Gjennomsnitt i Oppland | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 4,2 | *) |
| <u>Personal:</u> | | | | | |
| Talet på årsverk | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Talet på saker i adm.utvalet | 6 | 4 | 3 | 4 | 4 |
| Talet på saker i tilsettingsutvalet | 46 | 45 | 37 | 45 | 40 |
| Talet på faste tilsettingar | 27 | 31 | 12 | 19 | 16 |
| Talet på avslutta arbeidsforhold | 13 | 17 | 23 | 13 | 13 |
| <u>Arbeidsgjevarkontrollen:</u> | | | | | |
| Talet på årsverk | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| <u>Informasjon:</u> | | | | | |
| Talet på årsverk | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Elektroniske skjema på heimesida | 22 | 35 | 44 | 48 | 42 |
| Vitjingar på heimesida, pr. veke | 16 253 | 11 071 | 2 111 | 4 380 | 1 822 |
| Total score frå Norge.no, prosent | 53 | 88 | 92 | 89 | **) |
| Talet på utgåver av Lomsnytt | 4 | 2 | 2 | 1 | 1 |

*) Bibliotekstatistikken for 2012 er ikkje klar.

***) Norge.no-undersøkinga for 2012 er ikkje klar før i slutten av mai 2013.

6.2.8 Kommenterar til avvik

- Når det gjeld gruppeart løn, tykkjest denne å vera stor. Det meste av avviket kjem frå kommunen sin pensjonsforsikring. Dette utgjer kr 1 300 000 inkludert arbeidsgjevaravgift. Resten av avviket på løn må sjåast saman med refusjon av sjukeløn, som er kr 300 000 høgare enn budsjettet.
- For gruppeart «kjøp av varer og tenester» er det mange mindre postar som utgjer ca 250 000 i avvik. Avvik elles kjem av interne overføringar/kostra i rekneskapen.
- Kjøp av tenester frå andre har eit avvik på kr 480 000. I denne posten er det kjøp av tenester frå Vågå kommune. Dette gjeld skatteoppkrevjarfunksjonen, og må sjåast saman med lønsutgiftene. Det er elles eit meirforbruk på driftstilskot til Regiondata.
- Posten «overføring til andre» har eit avvik på kr 2 938 000. Dette gjeld konsesjonskraft, og må sjåast opp i mot posten «salsinntekter» som har omtrent same avvik. Disse postane går mot kvarandre, og har ei netto effekt på ca null.
- Finansposter er poster som innehar (for Støttefunksjonen) posteringar mot diverse fond. Dette vil derfor få store utslag i rekneskapen for dette ansvarsområdet. Ser ein berre på utgifter til lån, har dette eit avvik på kr 270 000 i meirforbruk.
- Salsinntekter, må ein sjå saman med posten «overføring til andre».
- «Refusjonar» har eit samla avvik på kr 9 295 000. Som budsjettteknisk føring, er all kompensasjon av merverdiavgift av investeringar ført i Støttefunksjonen sitt budsjett. Rekneskapsmessige kjem dette under det enkelte ansvarsområde sitt rekneskap. Momskompensasjonen er i budsjettet på kr 9 857 000. Det er derfor fleire mindre poster som til saman utgjer eit positivt avvik, og som er differansen mellom momskompensasjonen og det totale avviket.
- Posten «overføringar» har meirinntekt frå staten på kr 1 110 000 i forhold til budsjettet.
- Posten «finansinntekter/transaksjonar» innehar som for finansutgiftene posteringar mot diverse fond. Renteinntektene er mindre enn budsjettet.

6.3 Loar skule

6.3.1 Hovudoppgåver

Hovudoppgåver Loar skule

- Loar skule skal leggje til rette for læring og utvikling for kvar enkelt elev: tilpassa opplæring i eit inkluderande og motiverande læringsmiljø.
- Loar skule skal vera ein skule med tryggleik, trivsel og omsorg der læring er meningsfylt og samarbeid og inkludering er nøkkelord.
- Framhald i satsing på dei 5 grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet/kvalitetssikre læringsmiljøet slik at dette blir ein realitet.
- Skapa eit læringsmiljø som gjer at elevane opplever meistring og tru på seg sjølve.
- Vidareutvikle vurderingsarbeidet: skal føre til auka læringsutbytte for elevane.
- Vidareutvikle vekeplanane med målbare læringsmål. Arbeide med nedbryting av læringsmåla (vurderingskriterier).
- Leggje til rette for godt samarbeid mellom heim og skule.
- Sikre gode overgangsordningar barnehage/skule og barneskule/ungdomsskule.
- Kompetanseheving av personalet.

Hovudoppgåver Lom musikk- og kulturskule

- Hovudoppgåver for Lom musikk- og kulturskule er å fremje eit rikare kulturliv i kommunen ved å kunne gje tilbod om opplæring innafor dei aktivitetane som speglar interessene hjå elevane. For å mangfaldig-gjera tilbodet, er ein heller ikkje framand for å freiste å skape interesse for aktivitetar som fram til nå ikkje har vore godt kjende/populære hjå barn og unge.
- Ein vil søkje å utvikle og forløyse kreativiteten hjå kvar enkelt elev, samstundes som ein legg vekt på å fremje forståing av, oppleving av og interesse for ulike kulturaktivitetar.
- Det å få Lom musikk- og kulturskule ut til folk er òg ei viktig oppgåve. Utanom å spegle glede og hygge, vil vi òg på den måten stadfeste posisjonen vår i lokalmiljøet.
- Målet er vidare å skape eit positivt barne- og ungdomsmiljø ved at elevane får høve til å vera med på verdfulle fritidsaktivitetar.

6.3.2 Kommenterar til utviklingstrekk

Kommenterar til utviklingstrekk Loar skule

- Kunnskapsløftet set store krav til skulen som kunnskapsformidlar og som læringsarena. Skulen skal vera ein arena for læring.
- Rektor brukar meir tid på administrative oppgåver.
- Talet på spesialundervisning har auka.
- Nedgang i elevtalet.
- Større krav til dokumentasjon av elevvurdering og skulevurdering.
- Meir systematisk bruk av resultat frå brukarundersøkingar som grunnlag for vidare utviklings- og forbetningsarbeid.

Kommenterar til utviklingstrekk Lom musikk- og kulturskule

- 31.12.12 hadde Lom musikk- og kulturskule 109 elevar. 42 står på venteliste, mange av desse har alt eit tilbod, men ønskjer fleire. Tilstrøyinga/søknaden til kulturskulen held seg på eit høgt og stabilt nivå. Det er aukande interesse frå dei yngste for å kunne ta til i kulturskulen.

6.3.3 Utfordringar framover

Utfordringar framover Loar skule

- Framhald i satsinga av dei fem grunnleggjande dugleikane.
- Innarbeide ein vurderingskultur for læring gjennomgåande for heile skulen.
- Tilpassa opplæring for alle. For å få til dette trengs det delingstimar.
- Vidareutvikle heimesida som informasjonskanal til foreldre og samfunnet elles.
- Oppretthalde eit godt arbeidsmiljø.
- Arealet til kontor for dei tilsette og lagring av utstyr er ei utfordring.

Utfordringar framover Lom musikk- og kulturskule

- Det er ynskjeleg med tilgang på fleire rom slik at fleire lærarar kan undervise parallelt. Dette har betydning for vidareutvikling av kulturskulen som institusjon. Vi får eit betre lærarmiljø, enklare å diskutere ting i plenum mot å måtte vente til ein blir kalla inn til lærarmøte.
- Eit kontor som ikkje blir brukt til undervisning slik at lærarane kan bruke data eller kopieringsmaskina (som står i gangen og er eit freistande leika for elevane) utan å måtte forstyrre undervisning til kvarandre.

6.3.4 Målekart

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg resultat 2011 | Loar skule resultat 2011 | Loar skule resultat 2012 | Loar skule mål 2012 | | |
|----------------|-----------------------|---|---------------------|--|--------------------------|---------------------|-----|-----|
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Sosial trivsel | | 4,1 | 4,5 | 4,5 | | |
| | | Trivsel med lærar | | 3,7 | 4,4 | 4,4 | | |
| | | Mobbing på skulen | | 1,8 | 1,3 | 1,2 | | |
| | | Fagleg rettleiing av lærar | | 3,1 | 4,1 | 3,8 | | |
| | | Tilfreds med dialog heim-skule | | 4,4 | 4,6 | 4,5 | | |
| Med-arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | | 4,9 | 4,5 | 5,0 | | |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | | 2,8 | 3,7 | 3,5 | | |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | | 4,7 | 4,3 | 5,0 | | |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | | 4,7 | 4,8 | 5,0 | | |
| | | I kva grad har du tid til å gjera jobben din? | | 3,1 | 3,5 | 3,8 | | |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 1,1 % | 1,9 % | 0,5 % | | |
| | | Sjukefråvær langtid | | 4,6 % | 4,7 % | 4,0 % | | |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 79% | 63 % | 90 % | | |
| | | Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet? | | 4,8 | 5,0 | 4,9 |
| | | | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | | 4,1 | 4,5 | 4,7 |

6.3.5 Rekneskapsversikt

| Loar skule | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|-------------------------------|---------------------|-------------------|----------------|
| Lønsutgifter | 12 210 600 | 13 309 602 | 1 099 002 |
| Kjøp av varer og tenester | 2 498 531 | 2 066 228 | -432 303 |
| Kjøp av tenester frå andre | 15 000 | 23 858 | 8 858 |
| Overføringar | 191 000 | 224 171 | 33 171 |
| Salsinntekter | -488 600 | -446 624 | 41 976 |
| Refusjonar | -1 170 400 | -1 369 949 | -199 549 |
| Finansinntekter/transaksjonar | 0 | -1 530 | -1 530 |
| Sum loar skule | 13 256 131 | 13 805 755 | 549 624 |

6.3.6 Resultatindikatorar

Resultatindikatorane for skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 22.

6.3.7 Nøkkeltal

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---------------------------------|----------|-----------|----------|----------|----------|
| Elvetal pr. 31.12 | 152 | 160 | 171 | 166 | 164 |
| Talet på tilsette lærarar | 17 | 19 | 17 | 17 | 17 |
| Av dei kvinner/menn | 14 / 3 | 16 / 3 | 15 / 2 | 16 / 1 | 16 og 1 |
| Talet på tilsette assistentar | | 4 | 5 | 4 | 7 |
| Lærartettleik | 11 | 10 | 11 | 12,7 | 11,5 |
| <u>Musikk- og kulturskulen:</u> | | | | | |
| Talet på elevar/elevplassar | 97 / 107 | 103 / 112 | 105/120 | 135/135 | 109 /109 |
| Talet på lærarar/årsverk | 9 / 2,46 | 10 / 2,45 | 9 / 2,46 | 9 / 2,46 | 9 / 2,46 |

6.3.8 Kommenterar til avvik

Indikatorar frå elevundersøkinga

- Positiv oppgang frå i fjor. Ein ser resultat av arbeidet med vurdering for læring og at vi er tydelege på arbeid med elevmiljøet.

Indikatorar frå medarbeidarundersøkinga

- Dei tilsette er betre nøgd med arbeidslokala i år enn i fjor, men det er fortsatt dårleg resultat. Det er fortsatt mange tilsette på eit kontor og mykje utstyr. Vi har gått noko ned på resultatet over måten vi løyser felles oppgåver på. Dette kan skuldast at vi prøver å fordele ansvar for praktiske gjeremål på lærarane i staden for å bruke av fellestid. Dei tilsette opplever arbeidet sitt som tidkrevjande og at dei ikkje har nok tid til alle elevane og oppgåvene. Dette er noko betre enn i fjor, men det er fortsatt urovekkjande lågt. Vi må ta eit tak sjølve for å rydde i den tida vi har.
- I fjor var det 79 % som svara på undersøkinga, medan det i år er 63 %. Dette er mykje dårlegare enn målet vi sette og det er heilt klart eit arbeid å gjera for å betre dette resultatet til neste år. Denne undersøkinga er viktig i vurderingsarbeidet vårt, noko vi må få dei tilsette til å forstå. Dei må oppleve at det blir arbeidd med resultat i etterkant.

Rekneskap

Det er eit avvik på løn som blant anna skuldast at lønsoppgjeret vart dyrare enn forventa. Ein må også sjå samanhengen med fråvær og bruk av vikar. Vikarpotten er liten i høve talet på tilsette. Mykje av avviket skuldast også pensjonspremien. Denne var underbudsjettert.

6.4 Garmo oppvekstssenter

6.4.1 Hovudoppgåver

- Arbeide for å skape eit godt og trygt læringsmiljø, der alle opplever meistring kvar dag.
- Vidare satsing på dei fem grunnleggjande dugleikane.
- Vidareutvikle vurderingskulturen vår, noko som vil føre til betre læring for elevane.
- Leggje til rette for ein god overgang mellom barnehage-skule-ungdomsskule.
- Leggje til rette for eit godt samarbeid mellom heim og skule.
- Oppretthalde den kompetansen vi har og drive vidare kompetanseheving av personalet.
- Vise omsorg for og tru på alle elevar og barnehageungar.

6.4.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Elevtalsutviklinga er nokså stabil. Det er god innsøking til barnehagen, med fleire søkjarar enn tal på plassar.
- Samarbeidet mellom barnehagane i kommunen aukar; felles fokusområde.
- Felles årsplan er under planlegging.
- Vi har sterkt fokus på leseopplæringa og har ein leserettleiar under utdanning.
- Krava til lærarane sin kompetanse aukar, det er stadig meir som skal inn i skulen.
- Auka krav frå skuleeigar for å fylgje opp kommunale satsingsområde.

6.4.3 Utfordringar framover

- Oppretthalde og vidareutvikle bruken av intranettsidene våre.
- Arbeide systematisk for å oppretthalde og vidareutvikle ein god vurderingskultur.
- Bryte ned kompetansemåla og nytte gode vurderingskriterier i alle fag.
- Sikre god organisering og ressursbruk for 2013/2014, særskilt med tanke på stabilitet.
- Oppretthalde og vidareutvikle den gode kompetansen i personalet.

6.4.4 Målekart

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Garmo | Garmo | Garmo |
|---|--------------------------|--|------------------|---------------------------|----------------------|---------------------------|
| | | | resultat 2011 | oppv. resultat 2011 | oppv. mål 2012 | oppv. resultat 2012 |
| Brukar skule | Opplevd kvalitet | Sosial trivsel | 4,4 | 5,0 | 5,0 | 4,6 |
| | | Fagleg rettleiing av lærar | 3,4 | 4,0 | | 3,1 |
| | | Mobbing på skulen | 1,4 | 1,0 | 1,0 | 1,8 |
| | | Tilfreds med dialog heim-skule | 4,3 | 5,0 | 6,0 | 4,0 |
| Brukar barnehage | Opplevd kvalitet | Tilfreds med tilgjenge | 5,4 | 6,0 | 6,0 | 5,8 |
| | | Foreldra sine mogleg- heiter for medinnflytelse | 4,5 | 5,0 | 5,0 | 4,6 |
| | | Respektfull behandling av barnet | 5,3 | 5,0 | 6,0 | 5,6 |
| | | Barnehagen sitt bidrag til språkutviklinga til barnet | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,0 |
| | Målt kvalitet | Talet på barn på vente- liste | | 0 | 0 | |
| | | Kor mange barn når alders-relevante språk- mål før skulestart | | 80% | 80% | 100% |
| Med- arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,7 | 5,1 | 5,2 | 5,3 |
| | | Er du nøgd med stand- arden på arbeidsløkala? | 3,9 | 3,7 | 4,0 | 3,8 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte? | 4,8 | 5,2 | | 4,8 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | - | | 4,8 |
| | | I kva grad har du tid til å gjera jobben din? | 3,9 | 3,7 | 4,2 | 3,8 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 3,3 % | 4,0 % | 2,1 % |
| | | Sjukefråvær langtid | | 4,5 % | 2,0 % | 1,7 % |
| Svarprosent med- arbeidarundersøking | | | 86% | 100% | 100% | |
| Læring og fornyng | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,5 | 4,3 | 4,6 | 4,8 |
| | | I kva grad legg arbeids- gjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,1 | 4,1 | 4,5 | 4,0 |

6.4.5 Rekneskapsversikt

| Garmo oppvekstssenter | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|-------------------------------|------------------------|-------------------|---------------|
| Lønsutgifter | 6 014 400 | 6 450 567 | 436 167 |
| Kjøp av varer og tenester | 1 165 343 | 981 348 | -183 995 |
| Kjøp av tenester frå andre | 0 | 11 894 | 11 894 |
| Overføringar | 201 000 | 186 002 | -14 998 |
| Salsinntekter | -470 400 | -410 556 | 59 844 |
| Refusjonar | -383 000 | -643 842 | -260 842 |
| Finansinntekter/transaksjonar | -1 500 | -2 741 | -1 241 |
| Sum Garmo oppvekst | 6 525 843 | 6 572 671 | 46 828 |

6.4.6 Resultatindikatorar

Resultatindikatorane for skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 22.

Resultatindikatorane for barnehagane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.6.6 på side 38.

6.4.7 Nøkkeltal

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---------------------------------|---------|---------|---------|-------|---------|
| <u>Garmo barnehage:</u> | | | | | |
| Talet på avdelingar | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Talet på årsverk, pedagogar | 1 | 1,3 | 1,1 | 1,1 | 1,3 |
| Talet på årsverk, fagarbeidarar | 2 | 2 | 2,1 | 2,8 | 2,5 |
| Talet på årsverk, ufaglærte | 0,5 | 0,5 | 0,7 | 0 | 0 |
| Sum talet på årsverk | 3,5 | 3,8 | 3,9 | 3,9 | 3,8 |
| Talet på barn under 3 år | 4 | 3 | 4 | 4 | 5 |
| Talet på barn over 3 år | 13 | 13 | 14 | 12 | 10 |
| Sum talet på barn | 17 | 16 | 18 | 16 | 15 |
| <u>Garmo skule:</u> | | | | | |
| Elvetal pr. 01.10 | 32 | 33 | 33 | 30 | 29 |
| Talet på tilsette lærarar | 6 | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Av dei kvinner/menn | 4k / 2m | 4k / 2m | 4k / 2m | 4k/2m | 5k / 1m |
| Talet på tilsette assistentar | | 3 | 3 | 3 | 1 |
| Lærartettleik | 6,8 | 7,4 | 7,6 | 7,6 | 7,1 |

6.4.8 Kommenterar til avvik

- Avviket er uvesentleg, men det kjem av at vi har kjøpt ein barnehageplass i Vågå kommune som ikkje var teke med i budsjettet for 2012.

6.5 Lom ungdomsskule

6.5.1 Hovudoppgåver

- Kvalitetssikring av læringsmiljøet med særskild vekt på grunnleggjande ferdigheiter i skriving, lesing og rekning
- Tiltak for å betre elevane sin motivasjon for læring.
- Etter-og vidareutdanning av det pedagogiske personalet i høve til måla i
- Kunnskapsløftet

6.5.2 Kommenterar til utviklingstrekk

- Skilnaden mellom elevane i møte med skulen er blitt større.
- Større skilnader i oppfølging av elevane frå heimane.
- ”Eit uroleg samfunn” verkar inn på elevane si læring.
- Informasjonsstraumen og tilgjenge til media skaper behov for grensesetting og etiske retningslinjer.
- Krav om dokumentasjon av elev- og skulevurdering.
- Krav til kommunen om eit forsvarleg system for å sikre at krava i opplæringslov og forskrift blir fylgde.
- Elevane mykje mindre fysisk aktive enn før.
- Svært mange bruker mykje tid på ulike variantar av data
- Mange elevar fullfører ikkje vidaregåande utdanning

6.5.3 Utfordringar framover

- Leggje til rette for tilpassa opplæring. For å få til dette er det viktig med delingstimar
- Fremje ein vurderingskultur ved skulane, der m.a. lærarane ved ”undervegsvurdering” av elevane informerer dei om deira faglege ståstad i høve til kompetansemåla i faget.
- Gjennom m.a. vurderingsarbeidet få elevane i større grad til å ta del i utviklinga av læringsmiljøet.
- Utvikle bruken av IKT i skulane gjennom m.a. læringsplattforma It´s learning slik at skulane kan bli mellom dei fremste i landet i bruk av elektroniske læringsverktøy. Bruk av databaserte opplæringsprogram.
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning gjera skulane i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Sikre nok ressursar til skulen for å følgje opp krav frå elevar, foreldre og storsamfunn. Her er delingstimar det viktigaste tiltaket.
- Førebu heildagsskulen ved blant anna å tilby leksehjelp etter skuletid.
- Det er eit godt læringsmiljø på skulen, men det er eit lite fåtal av elevar som seier dei er utsett for mobbing. Ein som blir mobba er ein for mykje. Skulen har laga ein mobbeplan, men det viktigaste tiltaket for å hindre mobbing er stor lærartettleik, mange vaksne ute i friminutta, samtale om mobbing og bevisstgjerjing av elevane.
- Mange lærarar klagar på stort arbeidspress og tidspress. Kravet til dokumentasjon tek mykje tid frå lærarane.
- Mange elvar slit med å kome gjennom vidaregåande fordi dei har for dårleg grunnlag i norsk og matematikk. Derfor er Ny Giv kome for å gje dei desse elevane eit betre grunnlag.
- Skulen har nokre framandspråklege elevar. Viktig at desse lærar så myke norsk at dei kan gå vidare i skulesystemet. Det er og vanskeleg å få dei integrert.

6.5.4 Målekart

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg resultat 2011 | Lom ungd.- skule resultat 2011 | Lom ungd.- skule mål 2012 | Lom ungd.- skule resultat 2012 |
|------------------------|---------------------------------------|--|---------------------------|--|---------------------------------------|--|
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Sosial trivsel | 4,2 | 4,4 | 4,5 | 4,3 |
| | | Trivsel med lærarane | 3,8 | 4,0 | 4,2 | 4,1 |
| | | Mobbing på skulen | 1,4 | 1,5 | 1,2 | 1,2 |
| | | Fagleg rettleiing av lærar | 3,1 | 3,3 | 3,4 | 3,8 |
| | | Tilfreds med dialog heim- skule | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 4,2 |
| Målt kvalitet | Gjennomsnitt grunnskulepoeng | 39,9 | 39,6 | 39,0 | 37,4 | |
| Med- arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,6 | 5,7 | 5,5 | 5,8 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidlokala? | 3,9 | 5,3 | 5,3 | 5,2 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | 4,2 | 5,5 | 5,5 | 5,6 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 5,3 | 5,3 | 5,5 |
| | | I kva grad har du tid til å gjera jobben din? | 3,9 | 4,0 | 4,0 | 4,2 |
| | | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 0,7 % | 2,0 % |
| | Sjukefråvær langtid | | 0,0 % | 3,0 % | 1,9 % | |
| | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 93 % | 85 % | 95 % | |
| Læring og fornyning | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,3 | 5,5 | 5,4 | 5,3 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,1 | 5,0 | 5,3 | 5,1 |

6.5.5 *Rekneskapsversikt*

| Lom ungdomsskule | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|-------------------------------|--------------------------------|---------------------------|-----------------|
| Lønsutgifter | 9 316 760 | 9 874 971 | 558 211 |
| Kjøp av varer og tenester | 2 613 110 | 1 958 974 | -654 136 |
| Kjøp av tenester frå andre | 332 000 | 470 039 | 138 039 |
| Overføringar | 431 525 | 365 958 | -65 567 |
| Finansutgifter/transaksjonar | 0 | 35 850 | 35 850 |
| Salsinntekter | -353 300 | -382 120 | -28 820 |
| Refusjonar | -637 025 | -858 979 | -221 954 |
| Overføringar | -1 489 600 | -1 409 800 | 79 800 |
| Finansinntekter/transaksjonar | -298 000 | -301 655 | -3 655 |
| Sum Lom ungdomsskule | 9 915 470 | 9 753 239 | -162 231 |

6.5.6 *Resultatindikatorar*

Resultatindikatorane for skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 22.

6.5.7 *Nøkkeltal*

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|-------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <u>Lom ungdomsskule:</u> | | | | | |
| Elvetal pr. 01.10 | 104 | 105 | 97 | 86 | 76 |
| Talet på tilsette lærarar | 19 | 18 | 16 | 16 | 17 |
| Av dei kvinner/menn | 12/7 | 11/7 | 11/5 | 11/5 | 12/5 |
| Talet på tilsette assistentar | | 2 | 4 | 2 | 2 |
| Lærartettleik | 11 | 11,8 | 12,2 | 12,4 | 12,4 |
| <u>Vaksenopplæringa:</u> | | | | | |
| Talet på elevar/elevplassar | 97/107 | | 16 | 26 | 25 |
| Talet på lærarårsverk | 2,46 | 1,20 | 1,0 | 1,5 | 2,0 |

6.5.8 *Kommentarar til avvik*

Det er liten skilnad på mål og resultat for utvalde måletal. Rekneskapan viser eit avvik på løn på 5%. Sjølv om skulen har skore ned på timebruk, har det blitt ei auke i lønskostnadene samanlikna med det som var budsjettert. Dette skuldast både at det vart eit dyrare lønnsoppgjær enn forventa og at fleire lærarar ved etterutdanning har fått ein høgare lønsplassering.

6.6 Loar barnehage

6.6.1 Hovudoppgåver

Barnehagen sitt samfunnsmandat:

”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem”, Barnehageloven § 1.

Barnehagen sitt verdigrunnlag:

”Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling”, Barnehageloven § 2.

I tilegg skal barnehagane følgje dei retningslinjer som Rammeplanen for barnehagen gjev.

6.6.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Stadig færre barn i barnehagen. Små årskull.
- Fleire småbarnsplassar enn tidlegare, småbarnsavdelingane fulle; må ha småbarn på blanda gruppe.
- Få barn har 2 og 3 dagarstilbod.
- Barna har dagleg lengere opphaldstid.
- Innskjerping i tolkning av pedagognorm (skriftleg tilsyn av Fylkesmannen i 2012), fører til behov for fleire pedagogstillingar i barnehagen. Har hatt førskulelærarar tilsett i assistentstillingar, har gjort om desse til pedagogstillingar.
- Fleire framandspråklege barn og barn med særlege behov i barnehagen.
- Auka fokus og krav til kvalitet i barnehagen frå sentrale føringar.

6.6.3 Utfordringar framover

- Variasjonar og nedgang i barnetal skaper utfordringar i forhold til organisering, bemanning og økonomi. Overtalligheit på tilsette.
- Lengre dagleg opphaldstid for barna og auka krav om pedagogar gjer at vaksenttleiken på avdelingane blir mindre. (Pedagogane har plantid).
- Ha kompetanse og ressursar til å møte behov til framandspråklege og barn med særlege behov.
- Greie å møte krav om auka kvalitet samstundes som ressursane til barnehagen blir redusert.

6.6.4 Målekart

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Loar | Loar | Loar | |
|----------------|-----------------------|--|---------------------|-----------------------|-----------------------|------------------|
| | | | Noreg resultat 2011 | barneh. resultat 2011 | barneh. resultat 2012 | barneh. mål 2012 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Tilfreds med tilgjenge | 5,4 | 5,2 | 5,7 | 5,5 |
| | | Foreldra sine moglegheiter for medverknad over barnehagetilbodet | 4,5 | 4,6 | 5,2 | 4,6 |
| | | Respektfull behandling av barnet | 5,3 | 5,5 | 5,6 | 5,5 |
| | | Barnehagens bidrag til språkutviklinga | 5,0 | 5,2 | 5,2 | 5,2 |
| Målt kvalitet | | Talet på barn på venteliste | | 0 | 0 | 0 |
| | | Kor mange barn når aldersrelevante språkmål før skulestart | | 90% | 90% | 90% |
| Ressursstyring | Prioritering | Korrigerte brutto driftsutgifter pr korrigert opphaldstid | | - | | |

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Loar | Loar | Loar | |
|----------------------|--------------------------|---|---------------------------|-----------------------------|-----------------------------|------------------------|
| | | | Noreg resultat 2011 | barneh. resultat 2011 | barneh. resultat 2012 | barneh. mål 2012 |
| Med- arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,7 | 3,5 | 4,7 | 5,0 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | 3,9 | 3,6 | 4,3 | 4,4 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | 4,8 | 3,9 | 4,3 | 4,8 |
| | Opplevd kvalitet | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 4,4 | 4,8 | 4,9 |
| | | Samarbeid/trivsel med kolleger | 5,0 | 4,4 | 4,5 | 5,0 |
| | | Stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,8 | 4,3 | 4,9 | 5,0 |
| Målt kvalitet | | Sjuefråvær korttid | | 2,2 % | | 2,0 % |
| | | Sjuefråvær langtid | | 4,9 % | | 4,0 % |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 68% | 67% | 100% |
| Læring og fornyng | Opplevd kvalitet | Fagleg og personleg utvikling | 4,3 | 3,5 | 4,6 | 4,4 |
| | | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet? | 4,5 | 3,7 | 4,7 | 4,7 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,1 | 3,4 | 4,6 | 4,3 |
| Målt kvalitet | | Gjennomførte kompetansetiltak i høve overordna kompetanseplan | | 100% | 100% | 100% |

6.6.5 Rekneskapsoversikt

| Loar barnehage | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|--------------------------------------|------------------------|-------------------|----------------|
| Lønsutgifter | 9 971 900 | 10 462 096 | 490 196 |
| Kjøp av varer og tenester | 1 287 803 | 1 170 968 | -116 835 |
| Kjøp av tenester frå andre | 0 | 13 035 | 13 035 |
| Overføringar | 101 100 | 153 738 | 52 638 |
| Salsinntekter | -1 738 100 | -1 712 508 | 25 592 |
| Refusjonar | -583 100 | -1 105 015 | -521 915 |
| Overføringar | -25 000 | 0 | 25 000 |
| Finansinntekter/transaksjonar | -10 000 | -11 360 | -1 360 |
| Sum grp. Ansvar: 03 barnehage | 9 004 603 | 8 970 954 | -33 649 |

6.6.6 Resultatindikatorar for barnehagane i Lom

| KOSTRA-tal basert på førebels rapportering 15. februar 2013 | Lom | | | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Opp- land 2012 | Komm- gruppe 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|--|---------|---------|----------------|---------------|--------------|----------------------|-------------------------|-------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehager | 39 519 | 112 462 | 127 227 | 115 290 | 108 548 | 112 274 | 111 810 | 114 949 |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 86,1 | 85,6 | 87,6 | 80,4 | 82,7 | 89,4 | 91,1 | 90,8 |
| Andel barn 0-5 år med barnehageplass | 71,5 | 73,0 | 75,9 | 75,4 | 70,3 | 76,0 | 77,6 | 77,2 |
| Korr. brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage | 144 742 | 156 371 | 174 529 | 169 434 | 157 376 | 155 632 | 154 801 | 157 355 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert opphaldstime | 64,00 | 64,00 | 67,00 | 62,00 | 60,00 | 54,00 | 55,00 | 52,00 |
| Andel ansatte med førskulelærerutdanning | 33,3 | 34,3 | 40,5 | 44,8 | 37,1 | 31,0 | 33,9 | 33,7 |
| Andel ansatte med anna pedagogisk utdanning | 3,3 | 5,7 | 2,7 | 3,4 | 0,0 | 3,6 | 4,6 | 3,5 |
| Andel assistentar med førskulelærerutd, fagutd, eller anna pedagogisk utdanning | 93,8 | 88,9 | 90,9 | 37,5 | 44,8 | 37,5 | 38,6 | 28,5 |

6.6.7 Nøkkeltal

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|------------------------------------|------|------|------|------|-------|
| <u>Loar barnehage:</u> | | | | | |
| Talet på avdelingar | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 |
| Talet på årsverk, pedagogar | 6 | 6,2 | 6 | 6,2 | 5,8 |
| Talet på årsverk, fagarbeidarar | 12,4 | 7,8 | 10,8 | 8,2 | 8,8 |
| Talet på årsverk, ufaglærte | 1 | 4,6 | 0,8 | 0,8 | 0,8 |
| Talet på årsverk, spesialpedagogar | | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,75 |
| Sum talet på årsverk | 19,4 | 19,1 | 18,1 | 15,7 | 16,15 |
| Talet på barn under 3 år | 21 | 21 | 15 | 16 | 17 |
| Talet på barn over 3 år | 69 | 65 | 65 | 51 | 47 |
| Sum talet på barn | 90 | 86 | 80 | 67 | 64 |
| <u>Odda barnehage: *)</u> | | | | | |
| Talet på avdelingar | | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Talet på årsverk, pedagogar | | 1 | 1 | 1 | 0,75 |
| Talet på årsverk, faglærte | | 0,6 | 0,93 | 1,43 | 0,7 |
| Sum talet på årsverk | | 1,6 | 1,93 | 2,43 | 1,45 |
| Talet på barn under 3 år | | 0 | 2 | 4 | 4 |
| Talet på barn over 3 år | | 6 | 5 | 5 | 5 |
| Sum talet på barn | | 6 | 7 | 9 | 9 |

*) Odda barnehage vart oppretta som kommunal barnehage i 2008.

6.6.8 Kommenterar til avvik

6.7 Miljø, teknisk, næring

6.7.1 Hovudoppgåver

- Tenesteområdet har ansvar for arealplanarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester, vaktmeisterteneste, reinhald, byggesaksbehandling, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot naturskadar og ulykker.
- I tillegg kjem verdiskapingsprogrammet for Nasjonalparklandsbyane som går ut 2013.

6.7.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Det har vore liten stabilitet på leiarfunksjon ved tenesteområdet over fleire år. Leiaroppgåvene har i periodar vore delt mellom Terje Hoel (teknisk) og Sander Sælthun (næring, plan/miljø). Kommunalsjef Bjørn Bakke har hatt overordna administrativt ansvar i 2. halvår 2012.
- Åshild Myhre Amundsen vikar som næringssjef og landsbykoordinator frå mai 2012 og inntil vidare.
- Magnhild Heidi Olsen har vikariert som jordbrukssjef frå juni 2012.
- Stillinga som GIS/landmålar ved Stig Roar Mandal har gjennomgått opplæringsprogram innan GIS og matrikkelføring.
- Kristine Sørli er engasjert i 20 % stilling for å følgje opp lovsaker etter jord- og konsesjonslova i ledig stillingsressurs ved landbruk, som følgje av omsorgspermisjon.
- Landbruket i Lom er i sterk endring, og talet på mjølkeprodusentar går ned. Det er interesse for investeringar og søknad om støtte via BU-ordninga. Søknader om SMIL-midlar held seg på eit jamnt nivå
- Energi- og klimaplan for Lom vart vedteken i juni 2010, men det har ikkje vore sett av ressursar til gjennomføring av tiltaka i planen verken i 2011, 2012 eller i budsjettet for 2013.
- Forprosjekt for etablering av bioenergianlegg er utført i 2012 med påfølgjande konkurranse for varmekjøp. Arbeide med reguleringsplan er satt i gang. Planlagt start av anlegget oktober 2013.
- Reguleringsplan for Ulstad - for sikringstiltak mot flom og skred er under arbeid. Sikringsanlegg er ferdig detaljprosjekttert i 2012.
- Statens Vegvesen har starta opp reguleringsplan for gang- og sykkelveg frå sentrum mot N. Vike. Reguleringsplan for nytt kryss Rv 15 – Meadalsvegen er vedteken i 2012.
- Det 3-årige prosjektet *Mat langs Nasjonale Turistveger* starta opp i oktober 2010, og prosjektleiar er tilsett med Lom som vertskommune. Fleire deltiltak igangsett. Kommunen har rekneskapsansvaret.
- Utviklingsprosjektet ”Liv i Lom” vart avslutta i 2012, ein del av tiltaka blir vidareført gjennom verdiskapingsprogrammet for nasjonalparklandsbyane (landsbyråd mm.).
- Utvikling av felles strategi for Noregs nasjonalparklandsbyar og erfaringsutveksling mot andre prosjekt.
- Skjedd i Lom nasjonalparklandsby 2012:
 - Opptrykk av 11 500 gratis fotturbrosjyrar
 - Utsending av Nasjonalparkmagasin
 - Landsbydag på Norsk Fjellmuseum
 - Utdeling av bokpakke og rollups om nasjonalparkane våre til omkring 20 reiselivsbedrifter i samarbeid med Lom folkebibliotek
 - Eigen landsbyvakt i 20 % stilling i sommarmånadene.
- Ny modell for forvaltning av nasjonalparker blir gjennomført også for Reinheimen frå 2013. Det blir da same modell som alt er gjennomført for Jotunheimen og Breheimen.
- Tenesteområdet har bidrege med personalressursar til utviklingsarbeid for Klimapark 2469 AS i samsvar med enkeltvedtak.

6.7.3 Utfordringar framover

- Tenesteområdet har fleire fagområde med behov for kompetansearbeidskraft. Oppgåvetilfanget er også på mange område større enn det dei tilsette har moglegheit til å ta unna. For å oppretthalde gode tenestetilbod og utøving av forvaltningsmynde, er det ei utfordring og organisere og prioritere personalressursane og å rekruttere og behalde kompetanse.
- Funksjon som tenesteleiar MTN har vore heilt og delvis i vakanse over lengre tid, frå juli 2013 skal leiar vere på plass.
- Oppfølging med vedteke planstrategi er eit nytt element i plan- og bygningslova, som gjev føringar for kva område som er prioritert i kommunestyreperioden. Dette gjev utfordringar med personalressursar spesielt i forhold til overordna planer.
- Krevjande å etterkome forventningar til utviklingsarbeid på næringsområdet med bakgrunn i kombinasjon med oppgåver knytt til pågåande prosjektarbeid.
- Etter kartlegging av område med skredfare i kommunen er det behov for gjennomføring av sikringstiltak i skredutsette område. Utsikter til klimaendringar og forsterka krav i lovverk gjer at tenesteeininga må setja enda sterkare fokus på dette framover.
- Faresonekart vil gjev føringar som må innarbeidast i overordna arealplanar. Kommunedelplan Fossbergom er under arbeid, og samla arealdel for resten av kommunen krev revisjon.
- Oppfølging av samla vassdragsforvaltning i medhald av Vanddirektivet. Arbeidet skjer i regi av Vassdragsforbundet og Fylkesmannen, og med kommunen som bidragsytar.
- Rapport for "Kommunedelplan for avlaup" er slutført med forslag til handlingsplan for myndigheitsoppfølging og rehabilitering og utbygging av kommunale anlegg. Planen skal behandlast i medhald av plan- og bygningslova i 2013.
- Store utbyggingsprosjekt som renovering av reinseanlegga i Garmo og på Leirmo og utbygging- drift av fleirbrukshall, skal gjennomførast i kommunal regi dei næraste åra med medverknad frå tenesteeininga. Det vil vere utfordrande å gjennomføre dette arbeidet ved sidan av dei ordinære drifts- og forvaltningsoppgåvene.
- Auka bygningsmasse og vedlikehaldsbehov, skapar utfordringar for vaktmeistertenesta og reinhaldspersonalet.

6.7.4 Målekart

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg res 2011 | Lom MTN resultat 2011 | Lom MTN resultat 2012 | Lom MTN mål 2012 | |
|------------------|--------------------------|---|----------------------|--------------------------------|--------------------------------|---------------------------|--|
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Resultat for brukarane, byggjesak | | 5,2 | 5,2 | 5,0 | |
| | | Generell oppleving av kvalitet, byggjesak | | 5,1 | 5,3 | 5,0 | |
| | | Resultat for brukarane, vasskvalitetet og vasstrykk | | 5,5 | 5,6 | 5,0 | |
| | | Resultat for brukarane, funksjon på avlaupssystemet | | 5,4 | 5,5 | 5,0 | |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, tillit og respekt | | 5,6 | 5,5 | 5,0 | |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, service og tilgjenge | | 4,7 | 5,4 | 4,5 | |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, informasjon | | 4,6 | 4,8 | 4,5 | |
| | | Renhaldstenesta leverer tjenester av god kvalitet | | | | | |
| | | Renhaldstenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få | | | | | |

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg res 2011 | Lom MTN resultat 2011 | Lom MTN resultat 2012 | Lom MTN mål 2012 |
|--|--|--|---------------------|-----------------------|-----------------------|------------------|
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Vaktmestertenesta leverer tenester av god kvalitet | | | | |
| | | Vaktmestertenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få | | | | |
| | Målt kvalitet | Andel vassprøver som tilfredsstiller krav i forskrift | >99 % | 100% | 100% | |
| | | Andel avlaupsprøver som tilfredsstiller krav i forskrift | 100% | 100% | 100% | |
| Avklaring av forventning | Andel tenestestader med serviceerklæring | 10% | 10% | 30% | | |
| Ressursstyring | Prioritering | Sjølvkostrekneskap vatn, dekningsgrad | 100% | 100% | 100% | |
| | | Sjølvkostrekneskap avlaup, dekningsgrad | 100% | 100% | 100% | |
| | | Sjølvkostrekneskap renovasjon, dekningsgrad | 100% | 100% | 100% | |
| | | Sjølvkostrekneskap feiing, dekningsgrad | 100% | 100% | 100% | |
| Medarbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,7 | 4,7 | 4,5 | |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala | 4,0 | 3,5 | 5,0 | |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte? | 5,3 | 5,0 | 5,0 | |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,4 | 5,3 | 5,0 | |
| | | I kva for grad tru du at arbeidsplassen har eit godt omdøme blant innbyggjarane i kommunen | 4,5 | 4,2 | 4,5 | |
| | | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | 2,2 % | 2,4 % | 3,5 % |
| | Sjukefråvær langtid | 4,7 % | 2,6 % | 3,5 % | | |
| | Svarprosent medarbeidarundersøking | 33% | 55% | 70% | | |
| Andel gjennomførte medarbeidarsamtalar | 94% | 95% | 100% | | | |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,8 | 5,0 | 4,5 | |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,3 | 4,3 | 4,5 | |
| | Målt kvalitet | Gjennomførte kompetansetiltak i høve overordna kompetanseplan | 100% | 100% | 100% | |

6.7.5 *Rekneskapsoversikt*

| Miljø, teknisk, næring | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|-------------------------------|------------------------|-------------------|----------------|
| Lønsutgifter | 14 921 516 | 14 945 877 | 24 361 |
| Kjøp av varer og tenester | 10 033 188 | 11 417 289 | 1 384 101 |
| Kjøp av tenester frå andre | 7 643 850 | 6 789 741 | -854 109 |
| Overføringer | 2 970 115 | 2 992 907 | 22 792 |
| Finansutgifter/transaksjonar | 0 | 715 572 | 715 572 |
| Salsinntekter | -9 822 000 | -13 394 873 | -3 572 873 |
| Refusjonar | -9 949 305 | -6 670 947 | 3 278 358 |
| Overføringer | -548 862 | -1 214 860 | -665 998 |
| Finansinntekter/transaksjonar | -5 713 632 | -5 218 104 | 495 528 |
| Sum MTN | 9 534 870 | 10 362 602 | 827 732 |

6.7.6 *Resultatindikatorar*

| Kostra-tal basert på førebels rapportering 15. februar 2013 | Lom | | | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Komm- gruppe 2012 | Opp- land 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|---|--------|--------|---------------|---------------|--------------|-------------------------|----------------------|-------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | | | | | |
| Årsgebyr for vassforsyning | 2 492 | 2 542 | 2 667 | 1 934 | 4 782 | 4 012 | 3 223 | .. |
| Årsgebyr for avlaupstenesta | 3 542 | 3 215 | 3 379 | 5 108 | 4 403 | 3 558 | 4 288 | .. |
| Årsgebyr for avfallstenesta | 2 120 | 2 000 | 1 930 | 2 190 | 1 816 | 2 105 | 2 037 | 2 464 |
| Gjennomsnittleg saksbehandlings-tid, vedtekne reguleringsplanar (kalenderdagar) | .. | 83 | .. | .. | 245 | .. | .. | .. |
| Gjennomsnittleg saksbehandlings-tid, oppmålingsforretning (kalenderdagar) | 25 | 43 | 33 | 90 | 14 | 68 | 54 | 66 |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate | 35 031 | 56 594 | 49 406 | 63 559 | 103 205 | 74 155 | 97 695 | 118 380 |

6.7.7 Nøkkeltal

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|--|-------|-------|-------|------|--------|
| <u>Talet på tilsette:</u> | | | | | |
| I kommunehuset (Midtgard) | 9 | 9 | 9 | 10 | 9 |
| Utanfor kommunehuset (Midtgard) | 23 | 23 | 24 | 23 | 24 |
| I prosjektstillingar | 3 | 1 | 1 | 1 | 0 |
| <u>Sakshandsaming:</u> | | | | | |
| Journalpostar (inn- og utgåande post) | 2 312 | 2 279 | 2 140 | 2207 | 2 237 |
| Talet på byggjesaker | 87 | 91 | 105 | 67 | 52 |
| Talet på vedtekne kommuneplanar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Talet på vedtekne reguleringsplanar | 2 | 1 | 0 | 4 | 1 |
| Talet på målebrev | 38 | 39 | 14 | 16 | 22 |
| Talet på jordlovssaker og konsesjonssaker | 10 | 14 | 14 | 8 | 4 |
| Brukarar som søker produksjonstilskot - to omgangar pr. år | 151 | 143 | 151 | 157 | 149 *) |
| Brutto produksjonstilskot (tal i millionar kroner) | 29,5 | 31 | 33,6 | | 37,7 |
| Regionale miljøtilskot (tal i milionar kroner) | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,8 |
| Talet på utsendte gardskart til gardbrukarar | 203 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Talet på gardskart, innkomne svar (ferdig prosjekt) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Talet på gardskart med rettingar | 34 | 30 | 20 | <10 | <10 |
| Søknadar om dispensasjon for motorferdsel i utmark | 20 | 16 | 25 | 20 | 18 |
| <u>Drift av kommunaltekniske anlegg:</u> | | | | | |
| Talet på anlegg for kommunal vassforsyning | 4 | 4 | 4 | 4 | 5 |
| Talet på kommunale reinseanlegg | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt avlaupsnett | 1 197 | 1 200 | 1 210 | 1210 | 1 216 |
| Talet på innbyggjarar ikkje knytt til kommunalt avlaup | 1 210 | 1 205 | 1 200 | 1207 | 1 201 |

*) ca 300 søknader totalt, to søknadsrunder pr år.

6.7.8 Kommentarer til avvik

- Resultat frå brukarundersøkingar er god med positiv utvikling med måloppnåing.
- Oppslutnad om medarbeidarundersøkinga har betra seg til 55 % men er fortsett under målet.
- Resultatet viser svak negativ utvikling i forhold til året før og måloppnåing.
- Samla rekneskapstal for tenesteområdet MTN viser sum meirforbruk/mindre inntekt godt i overkant av budsjett. Finansinntekter/transaksjoner med bruk av fond er betydeleg mindre i rekneskapen i forhold til budsjett. Avlaup og reinsing har betydeleg underdekking med inntekter frå gebyr.

6.8 Helse og velferd

6.8.1 Hovudoppgåver

Etter helse- og omsorgsloven:

• Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne (Jfr. helse- og omsorgsloven § 3-1).

Etter Folkehelseloven:

- Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivnadl, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.
- Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemedlar kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.
- Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivareteke av andre myndigheiter og verksemder. Medverknnad skal skje blant anna gjennom råd, uttaler, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal leggje til rette for samarbeid med friviljug sektor (Jfr. Folkehelseloven § 4).

6.8.2 Kommenterar til utviklingstrekk

- Det regionale helsesamarbeidet har utvikla seg ytterlegare det siste året. NGLMS (Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter) har vorte ein «motor» i det regionale helsesamarbeidet. Den regionale legevakta har i løpet av 2012 gått seg til og ser ut til å fungere betre og betre, sjølv om det frå ei kommune som ligg lengst unna frå tid til annan kjem signalar på at dei ikkje er tilfreds med ordninga.
- 6K-Helse har faste månadlege samarbeidsmøter der også dagleg leiar ved NGLMS og koordinator for samfunnsmedisin deltek..I desse møtene blir felles utfordringar drøfta.
- Den 01.09.2012 vart alarmtenestane ved Vaktentralen i Lom flytta til NGLMS. Ei lang historie med Vaktentralen i Lom var dermed avslutta. Det verkar som om flyttinga av tenestane gjekk bra. I 2012 starta også prosessen med planlegging av innfasing av nødnett og nytt nasjonalt legevaktnr 116 117. Der vart også NGLMS knutepunktet da installasjonane blir plassert der. Dette er eit stort prosjekt der alle kommunane i regionen deltek og der planlagt igangsetjing blir i oktober-2013.
- Regionplan for helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdal vart ferdig i 2012 og er ved årsskiftet 2012/2013 vedteke i alle kommunane.
- Bruken av dei intermediære sengane på LMS'et har vore eit diskusjonstema i 2012. Det har vore svært ulik bruk av desse sengane. Eit par kommunar (Lom den eine) har nesten ikkje nytta sengane, medan eit par andre har brukt dei mykje. Det vart ein ganske tøff prosess i samband med budsjett 2013 der mange kommunar i samarbeidet meldte frå at dei ikkje hadde økonomi til å godta budsjettet som Sel kommune/NGLMS hadde lagt fram. Fleire kommunar krevde at antal intermediærsenger måtte reduserast kraftig. Det heile enda opp med eit kompromiss.
- Stillinga som koordinator innan samfunnsmedisin vart vidareført som fast stilling i 2012 og erfaringane så langt er at kommunane har stor nytte av stillinga i sitt arbeid spesielt innan miljøretta helsevern/folkehelsearbeidet og internkontrollarbeidet.
- Folkehelsearbeidet har vorte meir synleg både lokalt og regionalt. I Lom ser vi fram til at frisklivssentralen skal bli etablert i Utgard når det står ferdig hausten 2013.
- 2012 var fyrste året med Samhandlingsreformen og det ser ut til at Lom kommune har vore godt førebudd ved å rigge tenesteapparatet i påvente av reformen. Økonomisk er Samhandlingsreformen svært utfordrande for dei fleste kommunane – viser seg at reformen er underfinansiert (overføringane frå Staten dekkjer ikkje dei utgiftene reformen påfører kommunane.
- I 2012 vart det ikkje busett nokon fleire flyktningar – berre ei som kom til Lom som familiegjenforening. Pr. 31.12.12 står Lom kommune såleis framleis til rest med å busetja 11

flyktningar for å oppfylle kommunestyrevedtaket frå 2008 på busetjing av inntil 45. Årsaken til at det ikkje er busett nye i 2012 har vore mangel på bustader. På budsjett for 2013 er det avsett midlar til bygging av inntil 6 nye utleigebustadar til flyktningar/vanskelegstilte. Anbudsprosessen er i gang og det blir utlysing tidleg i 2013.

- Frå tenesteapparatet blir det framleis opplevd som vanskeleg å skaffe språkpraksisplassar til alle, sjølv om det har gått i orden med nokre nye det siste året. Einskilde har også med seg ein del "ballast" frå tidlegare i livet som etter kvart gjev seg utslag i ymse helseutfordringar.
- Kommunestyra i Lom og Skjåk gjorde i januar-2012 vedtak om full samlokalisering av dei to kontora. Nav-leiar i Skjåk tok i mai-12 også over ansvaret som Nav-leiar i Lom. Nav-kontoret i Lom har heile 2012 hatt stengt 2 dagar i veka. Dette har vore vurdert som naudsynt for å få unnagjort saksbehandlinga. Anbudsprosessen for å finne lokalar for felles Nav-kontor for Lom og Skjåk starta våren-2012 og er pr. 31.12.2012 enno ikkje heilt avslutta. Det ligg føre ei innstilling på plassering i Bismo, men klagefristen er utvida til ut i januar-2013.
- Dei tilsette ved Nav-kontoret i Lom saknar å ha ein leiar som er i miljøet dagleg.

6.8.3 *Utfordringar framover*

- Utfordringane rundt helsesenteret er framleis like store. Saksutvalet for Samhandlingsreformen som også fekk i sitt mandat å vurdere helsesenter, kom i løpet av 2012 ikkje fram til noka løysing, men kommunestyret gjorde like før jul vedtak om at det skal utarbeidast eit nytt forprosjekt for helsesenter. Dette er det tredje forprosjektet som blir utarbeidd for helsesenteret og det er knytt store forventningar, håp og krav om at det denne gongen skal blir realisert i ei ombygging og/eller eit tilbygg.
- Frisklivssentralen skal frå hausten 2013 flytte inn i det nye fleirbrukshuset Utgard. Tenesta vil da få nye fine lokalar og nytt utstyr og mykje større moglegheiter til å utvikle tenesta.
- Det regionale helsesamarbeidet vil i 2013 sett på prøve. Det viste budsjettbehandlinga like før jul. Stram økonomi i alle samarbeidskommunane kan bli ein verkeleg test på om helsesamarbeidet er «liv laga». På mange områder har nok ikkje kommunane i regionen noko reelt alternativ til regionalt samarbeid, det viktige blir å finne balansen mellom kva som kan løysast lokalt og kva som må løysast regionalt. Innføring av nødnett og felles nasjonalt legevaktnr. 116 117 er eksempel på oppgåver som må løysast regionalt. Regionalt samarbeid innan IT på helsesida er eit område det vil bli satsa mykje på å utvikle i framtida. Dette samarbeidet vil også involvere det regionale helseforetaket for å få til god, effektiv og sikker utveksling av pasientopplysningar.
- Busetjing og integrering av flyktningar er ei stor utfordring – både når det gjeld å skaffe bustader, arbeids- og språkpraksis og seinare arbeidsplassar. Lom kommune busette ikkje nye flyktningar i 2012 p.g.a. bustadmangel. I 2013 er det planlagt bygging av nye bustader som kan hjelpe på dette. Lom kommune har eit ståande vedtak frå 2008 om å busetja inntil 45 flyktningar.. Ambisjonen i 2013 er å oppfylle dette vedtaket. Lom kommune vil seinare i 2013 måtte ta stilling til om det skal busetjast enda fleire flyktningar utover vedtaket frå 2008.
- 2013 blir eit spennande år for Nav i heile regionen. Kommunestyra i Lom og Skjåk gjorde i 2012 vedtak om å samlokalisere Nav-kontora i dei to kommunane. Etter ei anbudsrunde tidlegare i 2012 vart det innstilt på lokalisering i eit bygg i Skjåk. På grunn av krav om innsyn og evt. klage er ikkje lokaliseringa heilt avklara ved årsskiftet.
- På slutten av året 2012 har det også i Partnerskapsstyret vore store diskusjonar rundt organisasjonsmodellen i Nav Nord-Gudbrandsdal. Fleire kommunar har signalisert at dei ikkje ynskjer å halde fram med modellen. Ved årsskiftet er ikkje dette endeleg avklara.

6.8.4 Målekart

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg resultat 2011 | Helse velferd resultat 2011 | Helse velferd mål 2012 | Helse velferd resultat 2012 | |
|------------------------------|-----------------------|--|---------------------|-----------------------------|------------------------|-----------------------------|--|
| Brukarar barnevern | Opplevd kvalitet | Barnevernstenesta bidreg til at ditt barn får det betre | | | 4,8 | 4,6 | |
| | | I kor stor grad opplever du at dei tilsette i barnevernstenesta behandlar deg med respekt? | | | 5,0 | 5,4 | |
| | | Kor fornøyd er du med moglegheita for å få kontakt med barnevernstenesta (tlf./fysisk oppmøte/epost)? | | | | | |
| | | Barnevernstenesta tek omsyn til dine ynskjer og behov | | | 4,5 | 5,0 | |
| | | Barnevernstenesta gjev meg nok informasjon | | | 5,0 | 5,6 | |
| | | Barnevernstenesta tek deg på alvor | | | 4,5 | 5,5 | |
| | | Alle lovpålagte fristar skal haldast | | | 100% | 100% | |
| | | Alle saker har sluttrapport etter endt undersøking | | | 100% | 100% | |
| | | Alle barn har ein aktiv tiltaksplan | | | 100% | 100% | |
| | | Barne- og fam.verngruppa besøkje alle barnehagar og skular i året | | | fire | tre | |
| Brukarar psykisk helsearbeid | Opplevd kvalitet | I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til at du får eit meir aktivt liv | | 3,7 | 3,1 | 3,8 | |
| | | I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til auka tryggleik i kvardagen for deg? | | 3,6 | 3,5 | 3,8 | |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette i tenesta behandlar deg med respekt? | | 3,8 | 4,0 | 4,0 | |
| Brukarar sosial | Opplevd kvalitet | Kor nøgd er du med informasjon og rådgjeving frå sosialtenesta for å koma ut av ein vanskeleg situasjon? | | 2,4 | 3,2 | 3,5 | |
| | | I kor stor grad tykkjer du at sosialtenesta tek deg med på råd? | | 2,5 | 3,4 | 2,5 | |
| | | Kor nøgd er du med høvet til å få timeavtale? | | 2,7 | 3,3 | 4,0 | |
| | Målt kvalitet | Gjennomsnittleg stønadslengde i månader for mottakarar av økonomisk sosialhjelp | | | | | |
| | | Andel mottakarar av økonomisk sosialhjelp med stønad i 6 månadar eller meir | | | | | |
| | | Korrigerte driftsutgifter til sosialtenesta pr. mottakar | | | | | |
| | | | | | | | |
| Brukarar helsestasjon | Opplevd kvalitet | I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen? | | 4,6 | 4,2 | 4,6 | |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt? | | 5,7 | 5,0 | 5,6 | |

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg resultat 2011 | Helse velferd resultat 2011 | Helse velferd mål 2012 | Helse velferd resultat 2012 |
|----------------------|-----------------------|--|---------------------|-----------------------------|------------------------|-----------------------------|
| Brukarar helse- | Opplevd kvalitet | Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen (telefon, fysisk oppmøte, e-post o.l.p?) | | 5,0 | 4,9 | 4,6 |
| Brukarar ergoterapi | Opplevd kvalitet | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trengte hjelp til? | | 4,2 | 5,0 | 4,7 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | | 5,0 | 5,6 | 5,3 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få ergoterapi er akseptabel? | | 3,9 | 4,8 | 4,5 |
| Brukarar fysioterapi | Opplevd kvalitet | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til? | | 4,7 | 4,8 | 4,7 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | | 5,6 | 5,6 | 5,3 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapi er akseptabel? | | 4,2 | 5,0 | 4,3 |
| Med-arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | | 4,7 | 4,2 | 4,6 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | | 4,2 | 3,8 | 3,4 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte? | | 5,1 | 4,8 | 4,9 |
| | | I kor stor grad har du høve til å arbeide sjølvstendig? | | 5,6 | 5,1 | 5,6 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | | | |
| | | Sjukefråvær langtid | | | | |
| | | Svarprosent medarbeidarundesøking | | | >80% | 59% |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | | 4,5 | 4,4 | 4,4 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | | 3,9 | 4,1 | 3,9 |

*) Tenesta vert administrert av Skjåk kommune, og det er ikkje gjennomført brukarundersøking.

6.8.5 Rekneskapsoversikt

| Helse og velferd | Budsjett (end) 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|-------------------------------|---------------------|-------------------|------------------|
| Lønsutgifter | 18 118 100 | 19 222 126 | 1 104 026 |
| Kjøp av varer og tenester | 4 201 684 | 6 002 438 | 1 800 754 |
| Kjøp av tenester frå andre | 2 722 295 | 3 211 934 | 489 639 |
| Overføringar | 1 228 310 | 1 557 443 | 329 133 |
| Finansutgifter/transaksjonar | 620 000 | 631 481 | 11 481 |
| Salsinntekter | -1 718 700 | -1 521 362 | 197 338 |
| Refusjonar | -2 906 301 | -4 395 557 | -1 489 256 |
| Overføringar | -3 859 500 | -4 497 452 | -637 952 |
| Finansinntekter/transaksjonar | -146 410 | -99 065 | 47 345 |
| Sum Helse og velferd | 18 259 478 | 20 111 984 | 1 852 506 |

6.8.6 Resultatindikatorar

| | Lom | | | Skjåk 2012 | Vågå 2012 | Komm.- gruppe 2012 | Opp- land 2012 | Noreg u/Oslo 2012 |
|---|---------|-------|-------|---------------|--------------|--------------------------|----------------------|-------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta | 4 310 | 4 113 | 5 636 | 4 682 | 5 156 | 6 839 | 7 020 | 6 830 |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-17 år | 2,0 | 4,5 | 4,2 | 3,7 | 4,4 | : | : | 4,8 |
| Brutto driftsutgifter per barn i opprinneleg familie | 114 000 | : | : | 47 286 | 11 296 | : | : | 31 626 |
| Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år | 1 638 | 918 | 818 | 3 613 | 1 724 | 1 839 | 2 263 | 2 721 |
| Andelen sosialhjelpsmottakarar 20-66 år, av innbyggjarar 20-66 år | 3,6 | 3,8 | 2,7 | 4,5 | 4,4 | : | : | 3,9 |
| Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta | 3 041 | 3 765 | 4 578 | 3 950 | 3 331 | 2 887 | 2 452 | 2 094 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta | 12,3 | 12,4 | 14,4 | 17,6 | 14,2 | 12,1 | 11,1 | 9,9 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, komm.helsetenesta | 7,5 | 7,6 | 7,6 | 11,5 | 11,3 | 9,3 | 10,9 | 8,6 |

6.8.7 Nøkkeltal

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|--------|--------|--------|--------|-------|
| <u>Legetenesta</u> | | | | | |
| Talet på konsultasjonar | 6 748 | 5 494 | 6 289 | *) | 5 299 |
| <u>Ergoterapi og hjelpemiddelsentral</u> | | | | | |
| Aktive brukarar | 289 | 283 | 249 | 237 | 211 |
| Utleverte hjelpemidlar | 547 | 719 | 464 | 507 | 533 |
| <u>Svangerskapskontroll</u> | | | | | |
| Talet på fødslar i Lom | 24 | 21 | 23 | 18 | 15 |
| <u>Helsestasjonen</u> | | | | | |
| Talet på kontaktar | 1 158 | 1 440 | 1 585 | *) | *) |
| <u>Helsestasjon for ungdom</u> | | | | | |
| Talet på kontaktar (besøk/tlf) | 63 | 44 | 27 | 46 | 34 |
| Fordeling i prosent jenter/gutar | 95/5 | 98/2 | 100/0 | 100/0 | 99/1 |
| <u>Fysioterapi</u> | | | | | |
| Årsverk fysioterapeut | 2 | 2 | 2 | 1,8 | 1,8 |
| Talet på konsultasjonar | 1 911 | 1 942 | 1 547 | 1 585 | 1 577 |
| Talet på pasientar | 266 | 250 | 224 | 226 | 276 |
| Aldersfordeling i prosent: | | | | | |
| 0 - 19 år | 12,5 | 9,5 | 13 | 11 | 13 |
| 20 - 59 år | 49,5 | 50,8 | 51 | 52 | 50 |
| 60 - 79 år | 28 | 34 | 29 | 23 | 27 |
| 80 år + | 10 | 5,7 | 7 | 14 | 10 |
| <u>Vaktsentralen (avvikla 01.09.2012)</u> | | | | | |
| Talet på årsverk | 5 | 5 | 5 | 5 | |
| Trafikkteljing | 73 476 | 79.515 | 76 504 | 75 223 | |

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|--|---------|---------|---------|-----------|-----------|
| <u>Psykisk helsevern:</u> | | | | | |
| Årsverk psykiatrisk sjukepleiar | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 |
| Talet på brukarar | 69 | 51 | 58 | 66 | 75 |
| Nøkkeltal frå NAV | | | | | |
| <u>Sosialhjelp</u> | | | | | |
| Samla stønad i alt | 684 027 | 640 714 | 590 250 | 1 019 995 | 1 028 000 |
| Utbetalt som bidrag | 607 532 | 474 137 | 512 000 | 816 727 | 917 000 |
| Utbetalt som lån | 76 495 | 166 577 | 78 250 | 203 268 | 111 000 |
| Talet på sosialhjelpstilfelle | 49 | 49 | 49 | 65 | 44 |
| Stønadstilfelle fordelte etter alder: | | | | | |
| 0 - 17 år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 18 - 24 år | 6 | 2 | 5 | 10 | 6 |
| 25 - 44 år | 15 | 17 | 16 | 18 | 2 |
| 45 - 66 år | 23 | 22 | 23 | 31 | 18 |
| 67 år + | 5 | 8 | 3 | 5 | 3 |
| <u>Støttekontaktar/avlastarar:</u> | | | | | |
| Talet på støttekontaktar | 5 | 10 | 3 | 2 | 4 |
| Talet på klientar | 6 | 7 | 3 | 4 | 6 |
| <u>Folkehelsekoordinator (ny frå 2011)</u> | | | | | |
| Årsverk | | | | 0,2 | |
| Talet på konsultasjonar | | | | 51 | |
| Talet på tilvisingar | | | | 28 | |
| Talet på tilvisingar fordelte på alder: | | | | | |
| 0 - 30 år | | | | 5 | |
| 31 - 50 år | | | | 12 | |
| 51 år og over | | | | 11 | |

*) Ikkje mogleg å hente ut tal frå nytt datasystem.

6.8.8 Kommenterar til avvik

- Generelt; Fordelt diverse kostnader 1297 – store utgifter som det ikkje er budsjettert med. I sum på heile ansvar 600, 610 og 630 utgjør dette 614.000.
- Auka utgifter i høve budsjett på tenester knytt til NGLMS (Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter) – gjeld jordmortenesta 2321/legetenesta 2410 og legevakt 2417 – tilsaman kr 90.000 i meirutgifter utover budsjettert 2012.
- Oppgavepliktig honorar legetenesta – kr 360.000 meirforbruk utover budsjett – skuldast m.a. eit oppgjør til ein lege som høyrde heime i 2011, men vart ført på 2012 – ca. 82.000. Resterande er p.g.a. auka timebruk kommunale oppgåver i samband med introduksjon av nye legar/vikarlegar/deltaking på møter/kurs som kommunelege 1 (samhandlingsreformen/NGLMS m.m.).
- Kroken omsorgsbustader har i 2012 eit totalt overforbruk på ca. 400.000.
- Det vart i 2012 brukt 450.000 meir enn budsjettert til Fosterheimsplassering.
- Totalrekneskapen for flyktningtenesta i 2012 viser eit overskott på ca. 600.000 – av dette er 500.000 avsett til fond.

6.9 Institusjonsbasert omsorg

6.9.1 Hovudoppgåver

Yte heildøgns pleie- og omsorgstilbod ved langtids, korttids, rehabiliterings- eller avlastningsopphald ved Lom Helseheim. Pasientane får tilbod om legetilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale/kulturelle tilstelningar. Kjøkkenet lagar næringsrik mat til pasientar, kantiner og matombringning. Pasientane sine klede blir vaska i eige vaskeri.

6.9.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Beleggsprosent 96
- 45% fleire korttids- og avlastningsopphald , enn i 2011
